



## Supplerande kartlegging av naturtypar i Ulvik herad





<b>Utførande konsulent:</b> Dag Holtan	<b>Kontaktperson/prosjektansvarleg:</b> Dag Holtan E-post: dholtan@broadpark.no	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-075-2
<b>Oppdragsgjever:</b> Fylkesmannen i Hordaland	<b>Kontaktperson hos oppdragsgjever:</b> Olav Overvoll	<b>År:</b> 2010
<b>Referanse:</b> Holtan, D. 2010: Supplerande kartlegging av naturtyper i Ulvik herad. – Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2010. 87 s.		
<b>Referat:</b> <p>Det er gjennomført supplerande kartlegging av naturtyper i Ulvik herad. Av i alt 42 kartfesta naturtypelokalitetar med nytt feltarbeid i 2008/2009 er 13 vurdert som svært viktige (A), 23 som viktige (B) og 6 som lokalt viktige (C). Lokalitetane er fordelt på 13 naturtyper. Dei største naturverdiane er knytt til hovudnaturtypane skog og kulturlandskap, med ein del verdiar også i brakkvassmiljø, rik, sørvestnord rasmark og kalkrike fjellområde.</p> <p>Det er framleis ein del lokalitetar frå førstegongskartlegginga som ikkje er oppsøkt på nytt. Dei fleste av desse har truleg berre lokal verdi (C), men nokre B-lokalitetar kan nok finnast.</p> <p>Av raudlisteartar vart det i 2009 funne enkelte karplanter, lav og soppar. Inkludert tidlegare funn er det no kjent 22 raudlista karplanter, 62 soppar, 6 lavartar og 4 moseartar i heradet. I tillegg kjem ein del viltartar og andre artar som ikkje blir omfatta av denne rapporten.</p>		
<b>Emneord:</b> <p>Ulvik Naturtyper Raudlisteartar Verdisetting</p>		

**Foto på framsida** (Foto: Dag Holtan):

- Stort foto: Rasmark i lia under Blåfjell (lok. 8). Utsikt mot Ulvikafjorden og Osafjorden
- Venstre: Parti med ung lindeskog i lia under Blåfjell (lok. 8).
- Midten: Gammal lind ovanfor Bruravik (lok. 4)
- Høgre: Marinøkkel *Botrychium lunaria*

# Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Hordaland, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Ulvik herad. Oppdraget omfattar kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den poltiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, slutta seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010"). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Ulvik er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i heradet.

Dette er andre runde med kartlegging av naturtypar i Ulvik etter metodikken i DN-handbok 13. Det første kartlegginga vart gjort av Rannveig Djønne i 2001-2002 (Djønne 2005), og Ulvik var blant dei første kommunane i Hordaland som fullførte ei førstegongskartlegging. I åra som har gått sidan den første kartlegginga har krava til avgrensing, artsdokumentasjon og skildring av lokalitetane blitt strengare. Og sidan den geografiske dekningsgraden av førstegongskartlegginga i områda under skoggrensa i Ulvik var god, har det meste av felterbeidet i 2009 difor gått med til å skaffe betre dokumentasjon og avgrensning av tidlegare kartlagde lokalitetar. Djønne sitt arbeid har vore eit viktig grunnlag som denne supplerande kartlegginga har dratt vekslar på. Nytt og meir omfattande felterbeid, har før til at mange lokalitetar har fått endra avgrensing, og fleire heilt nye lokalitetar har òg kome til.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Olav Overvoll ved fylkesmannen si miljøvernavdeling. Geir Flatabø (Ulvik) skal ha takk for gode tips og konstruktive innspel.

Felterbeidet er utført av Dag Holtan i perioden 22.-30. juni og 5. august 2009. Geir Flatabø, Olav Overvoll og Perry Larsen (Skodje) har elles deltatt i felterbeidet.

Ørskog 04.01.2009

Dag Holtan

# Innhold

FORORD .....	2
INNHALD .....	3
SAMANDRAG .....	6
1 INNLEIING.....	9
1.1 BAKGRUNN FOR KARTLEGGING AV NATURTYPAR.....	9
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?.....	9
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD.....	9
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET.....	10
1.4.1 Fysiske inngrep .....	10
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk .....	10
1.4.3 Spreiing av framande organismar .....	11
1.4.4 Overhausting .....	12
1.4.5 Forureining .....	12
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	12
1.5.1 Verneområde .....	12
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i heradet .....	13
1.5.3 Aktiv sikring .....	13
1.5.4 Passiv sikring .....	13
1.5.5 Grunneigaravtalar .....	13
1.5.6 Verkemiddel i landbruket.....	13
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2010.....	14
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN .....	15
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMGREP .....	15
METODE .....	17
1.8 INNSAMLING AV INFORMASJON .....	17
1.8.1 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven .....	17
1.8.2 Innsamling frå enkeltpersonar.....	17
1.8.3 Viktige litteraturkjelder .....	18
1.8.4 Eigne feltregistreringar .....	18
1.8.5 Bestemming og dokumentasjon .....	18
1.9 VERDISETTING OG PRIORITERING.....	19
1.9.1 Generelt 19	
1.9.2 Kriterium og kategoriar.....	19
1.9.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar .....	19
1.9.4 Bruk av truga vegetasjonstypar .....	20
1.9.5 Område med lite data eller usikker status .....	20
1.10 PRESENTASJON.....	20
1.10.1 Generelt 20	
1.10.2 Omtale av lokalitetane .....	20
1.10.3 Kartavgrensing .....	21
2 NATURGRUNNLAGET.....	22
2.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA .....	22

2.2	BERGGRUNN .....	23
2.3	KULTURPÅVERKNAD .....	23
3	NATURTYPAR .....	25
3.1	HOVUDNATURTYPAR .....	25
3.2	LOKALITETAR MED FELTARBEID I 2009 .....	27
	Lokalitet 1 Djupavika .....	27
	Lokalitet 2 Fureneset .....	28
	Lokalitet 3 Smedvika .....	29
	Lokalitet 4 Breiskor, Bruravik .....	30
	Lokalitet 5 Vedåna .....	31
	Lokalitet 6 Timbergili .....	32
	Lokalitet 7 Torgilsberget/Staursnes .....	33
	Lokalitet 8 Hetlenes-Tveito .....	34
	Lokalitet 9 Hjeltnesstranda .....	35
	Lokalitet 10 Hilleberstranda .....	36
	Lokalitet 11 Melnes/Geitaskjerskorane .....	37
	Lokalitet 12 Ernes .....	38
	Lokalitet 13 Osa: aust for Folkvang .....	39
	Lokalitet 14 Osa: Aust for Hjallane .....	41
	Lokalitet 15 Austdal: Krossfjellet sør .....	42
	Lokalitet 16 Osafjorden: Tellskreda .....	44
	Lokalitet 17 Osafjorden: Sygnefestveit .....	44
	Lokalitet 18 Lia under Sotenuten .....	46
	Lokalitet 19 Tranemyr .....	47
	Lokalitet 20 Hallanger: Gamleskulen .....	48
	Lokalitet 21 Nesheim .....	49
3.3	LOKALITETAR ETTER GAARDER (2008) .....	50
	Lokalitet 22 Austdal: Nord for Hønsahjallen .....	50
	Lokalitet 23 Austdal: Røykjafossen .....	51
	Lokalitet 24 Norddal: Solskinstjørn .....	52
	Lokalitet 25 Norddal: Kjosen .....	52
	Lokalitet 26 Norddal: Aust for Tjørnaberget .....	54
	Lokalitet 27 Norddal: Nord for Bjørndøla .....	55
	Lokalitet 28 Norddal: Vest for Nipane .....	56
	Lokalitet 29 Norddal: Sørvest for Storhaug .....	58
	Lokalitet 30: Norddal: Norddøla ved Storhaug .....	59
	Lokalitet 31 Norddal: Nipane NV .....	61
	Lokalitet 32 Norddal: Ossete .....	62
3.4	LOKALITETAR ETTER JORDAL & GAARDER (2009) .....	63
	Lokalitet 172 Osa .....	63
	Lokalitet 173 Norddal: Haugen nord .....	64
	Lokalitet 174 Austdal: Slåttestølen .....	65
	Lokalitet 175 Osafjorden sør for Melnes .....	66
	Lokalitet 176 Ljono nedre .....	67
	Lokalitet 177 Ljono øvre .....	68
	Lokalitet 178 Sponheim (store gamle tre) .....	68
	Lokalitet 179 Vedånesbekken (haustingsskog) .....	69

Lokalitet 180 Iskaia .....	70
3.5 LOKALITETAR ETTER DJØNNE (2005) .....	71
Lokalitet 21 Midtfjell-Disk .....	71
Lokalitet 42 Bergoberget.....	71
4 RAUDLISTEARTAR.....	72
4.1 RAUDLISTA .....	72
4.2 RAUDLISTEARTAR I ULVIK .....	72
4.2.1 Sopp .....	72
4.2.2 Lav .....	78
4.2.3 Mosar .....	78
4.2.4 Karplanter .....	79
4.2.5 Insekt .....	81
4.2.6 Fuglar .....	81
4.2.7 Pattedyr .....	81
5 KJELDER.....	82
5.1 SITERT LITTERATUR .....	82
5.2 MUNNLEGE KJELDER .....	83
5.3 VERDSVEVRESSURSAR.....	83
KART .....	82
SKOG OG JORDBRUKSAREAL.....	82
NYE OG OPPDATERTE LOKALITETAR 2008-2009 .....	83

# Samandrag

## Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegging av biologisk mangfold i norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gi heradet og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemndene.

## Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar. Dei aktuelle naturtypane er definert i ei handbok, DN-handbok 13, utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i 1999 og seinare revidert, sist i 2007.

Når det gjeld eksisterande kunnskap har Rannveig Djønne si oppsummering av førstegongskartlegginga av naturtypar i Ulvik vore hovudkjelda (Djønne 2005). Elles er det nytta opplysningar frå Naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og andre databasar på Verdsveven og samtalar med fagfolk og lokalkjente.

For å skaffe ny kunnskap har feltarbeid vore det viktigaste. I tillegg har Geir Flatabø vore hjelksam med nye opplysningar.

Verdifulle område er avgrensa på kart, skildra og verdivurderte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb.

## Naturtypar i Ulvik

Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i heradet er særleg rike edellauvskogar og gammalt kulturlandskap (haustingsskog), men òg enkelte rike fjellområde. Rik edellauvskog har, ikkje uventa, i særklasse flest raudlisteartar og størst mangfold innan artsgruppene generelt.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdiar til mange ulike naturtypar i Ulvik. Generelt kan det seiast at det er størst verdiar knytt til ulike skogsmiljø.

**Tabell 1.** Registrerte naturtypelokalitetar i Ulvik fordelt på naturtype og verdi. Enkelte lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, og summering gir derfor for høge sumtal. Verdisetting kan òg skuldast førekomst av ein annan naturtype. Verdivurderinga skjer etter ein tredelt skala: A= svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig.

Kode	Naturtype	A	B	C	Sum
A07	Låglandsmyr i innlandet		1		1
B01	Sør vendt berg og rasmark	2	1		3
C01	Kalkrike område i fjellet		1		1
D01	Slåttemark	1		1	2
D04	Naturbeitemark		5	1	6
D12	Store gamle tre	1	1		2
D18	Haustingsskog	2	4		6
E05	Fossesprøytsone	1			1
E09	Dam		2		2
F01	Rik edellauvskog	7	10	3	20
F03	Kalkskog	1	1		2
F05	Gråor-heggeskog	1	1		2
F07	Gammal lauvskog		1		1
F09	Bekkekløft og bergvegg	1		1	2
G05	Strandeng		1		1
<b>Sum</b>		<b>17</b>	<b>29</b>	<b>6</b>	<b>52</b>

**Tabell 2.** Nye naturtypelokalitetar og lokalitetar med nytt felter arbeid i 2008/2009. Kolonna "2010" viser kva lokalitetar som er særleg viktige med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfold innan 2010 (jf. kapittel 1.5.7).

Lokalitet	Naturtype	Kode	Verdi	2010
01 Djupavika	Kalkskog	F03	B	
02 Fureneset	Rik edellauvskog	F01	C	
03 Smedvika	Rik edellauvskog	F01	B	
04 Breiskor	Rik edellauvskog	F01	A	X
05 Vedåna	Haustingsskog, rik edellauvskog	D18, F01	A	X
06 Timbergili	Rik edellauvskog	F01	A	X
07 Torgilsberget	Rik edellauvskog	F01	A	X
08 Hetlenes-Tveito	Rik edellauvskog	F01	A	X
09 Hjeltnesstranda	Havstrand	G05	B	
10 Hilleberstranda	Kalkskog, rik edellauvskog, strandberg	F01, F03, G09	A	X
11 Melnes	Sørberg, rasmark og rik edellauvskog	B01, F01	A	X
12 Ernes	Rasmark, haustingsskog, edellauvskog	B01, D18, F01	A	X
13 Folkvang aust	Haustingsskog, rik edellauvskog	D18, F01	B	
14 Hjallane aust	Rik edellauvskog	F01	B	
15 Krossfjellet sør	Rik edellauvskog	F01	B	
16 Tellskreda	Rik edellauvskog	F01	B	
17 Sygnesteit	Rik edellauvskog	F01	B	
18 Sotenuten	Rik edellauvskog	F01	B	
19 Tranemyr	Myr	A07	B	
20 Hallanger	Slåtteeng	D01	C	
21 Nesheim	Rik edellauvskog	F01	B	
22 N f Hønsahallen	Rik edellauvskog	F01	C	
23 Røykjafossen	Bekkekløft	F09	C	
24 Solskinstjørn	Dam	E09	B	

<b>Lokalitet</b>	<b>Naturtype</b>	<b>Kode</b>	<b>Verdi</b>	<b>2010</b>
25 Kjosen	Gråor-heggeskog	F05	B	
26 A f. Tjørnaberget	Dam	E09	B	
27 N f. Bjørndøla	Store, gamle tre	D12	A	X
28 V f. Nipane	Gråor-heggeskog	F05	A	X
29 SV f. Storhaug	Rik edellauvskog, gammal lauvskog	F01, F07	B	
30 S f. Storhaug	Fossesprøytzone, bekkekløft	E05, F09	A	X
31 Nipane NV	Kalkskog	F03	A	X
32 Ossete	Naturbeitemark	D04	B	
172 Osa	Naturbeitemark	D04	C	
173 Haugen nord	Naturbeitemark	D04	B	
174 Slåttestølen	Haustingsskog	D18	B	
175 Sør for Melnes	Haustingsskog	D18	B	
176 Ljono nedre	Slåttemark	D01	A	X
177 Ljono øvre	Naturbeitemark	D04	B	
178 Sponheim	Store, gamle tre	D12	B	
179 Vedånesbkn	Haustingsskog	D18	B	
180 Iskaia	Naturbeitemark	D04	B	
42 Bergoberget	Sørberg, rasmark og rik edellauvskog	B01, F01	B	

### **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd, forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2006 (Kålås m.fl. 2006).

Det er registrert ei rekke førekommstar av raudlista karplanter, sopp og lav osb. i Ulvik, og dei som er kjente er omtala i kapittel 5.

### **Kunnskapsstatus**

Tabell 6 inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Ulvik er jamt over dårlig.

### **Kunnskapsstatus – litteratur**

Når det gjeld fungaen (sopp) og flora, er det samla og publisert ein god del frå Ulvik opp gjennom åra. Av viktige litteraturkjelder frå nyare tid er kartlegging av naturtyper i Ulvik (Djønne 2005), kartlegging i kulturlandskapet (Jordal & Gaarder 2009), biologiske registreringar i samband med planar om utbyggingar i Austdøla og Norddøla (Gaarder 2008).

Dette materialet har vore gjennomgått i samband med denne supplerande kartlegginga av naturtypar i Ulvik. I tillegg kjem ulike innspel gjennom upubliserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for kartlegging av naturtypar

Bakgrunnen for kartlegging av naturtypar er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfold i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført. Oppdaterte nettutgåver av handboka kom i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

## 1.2 Kva er biologisk mangfold?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfold jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfold definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

## 1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdiar som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisin, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff

sine krinsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjennningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.

- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av uutnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterar, komande generasjonar sine moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane hører òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekräftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

## 1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### 1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i beslutningsprosessane. Det er eit visst utbyggingspress i låglandet i Ulvik, særleg konsentrert til dyrkbart areal og strandlinia. Ein må rekne med at det i framtida også vil bli eit visst press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

### 1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til

desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrig. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekke plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås m.fl. 2006). Status for Ulvik i 2008 er at det er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap. Ein eigen rapport om dette kom sommaren 2009 (Jordal & Gaarder 2009, sjå også Djønne 2005).

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av død ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt borte, og biologisk gammal skog med mykje død ved utgjer berre små areal. Fleire område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra delvis vore erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vore drenert og deretter tilplanta.

I Ulvik er dei største inngrepa med uheldige konsekvensar truleg knytte til treslagskifte med påfølgjande spreiing av gran og spreiing av fleire innførte staudeartar.

#### **1.4.3 Spreiing av framande organismar**

Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosistema er et aukande problem, både for vern av biologisk mangfold og i tilhøve til verdiskaping. Mange innførte artar er därleg tilpassa dei lokale økosistema, og mange vil dø ut etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas m.fl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Ulvik. Døme på innførte treslag i heradet er t.d. ulike typar edelgran, sitkagran, lerk og mange andre. Platanlønn, som er ein verkeleg problemart (jf. Gederaas m.fl. 2007), sprer seg raskt over store delar av heradet (og heile den norske vestkysten), m.a. heilt oppe under Sotafjellet. Denne utviklinga vil i åra som kjem eskalere sterkt. Platanlønna dreg elles ein stor fordel av forstyrningar som hogst og driftsvegar i skogbruket, medan etableringa i slutta naturskog går saktare. Av buskvekstar er det frå hagebruket t.d. noko spreiing av diverse mispelartar og raudhyll, mest i skogkantar og på forstyrra mark. Langs vegkantar er det flekkvis førekomst av gyvelartar, japanpestrot, kjempespringfrø, parkslirekne, sibirbergknapp og svalerot m.fl., også hagelupin er etablert fleire stader. Allment

kjende artar som mink og iberiaskogsnegl bør ein òg vere merksam på. Samla sett står heradet andsynes store utfordringar i åra som kjem med tanke på å halde dei verste problemartane i sjakk. Ei kartlegging av omfang av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innafor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

#### **1.4.4 Overhausting**

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innafor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadane bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at enkelte artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for samlarar, utan at det er kjent konkrete døme på dette i Ulvik.

#### **1.4.5 Forureining**

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozon-nedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg ofte reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Ulvik. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Hordaland. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadane vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde tilhøyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Ulvik har i òg enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjente nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

### **1.5 Forvalting av biologisk mangfold i kommunane**

#### **1.5.1 Verneområde**

Fire område i Ulvik er verna med heimel i naturvernlova: 1) Finse biotopvernområde, 2) Hallingskarvet nasjonalpark, 3) Skaupsjøen-/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og 4) Ulvikapollen naturreservat.

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret kan bli overført til kommunane, dersom kommunane sjølve ønskjer det. Ulvik har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

### **1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i heradet**

Forvaltningsansvaret for areal i Ulvik ligg i hovudsak i heradet, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Heradet har ei sentral, overordna rolle fordi det er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. Heradet er òg lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekke forvaltast av heradet gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har heradet òg eit ansvar for kartlegging og forvalting av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i heradet det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjelder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvalting. Det må forventast at kunnskapen ein no har vert nytta aktivt i forvaltinga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særlig verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

### **1.5.3 Aktiv sikring**

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengs for å verne område gjennom Plan- og bygningslova (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er generelt lite nytta. Årsaka ligg truleg i frykta for å påføre heradet erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre rettshavarar.

### **1.5.4 Passiv sikring**

Heradet kan sørge for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001).

### **1.5.5 Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

### **1.5.6 Verkemiddel i landbruket**

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i

kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne moglegheita til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, ikkje berre bygningar og kulturminne. I Ulvik må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

### **1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfold innan 2010**

Grunnlova sin § 110b krev at naturkvalitetane vert bevart for ettertida og etterslekt. Det same gjer føremålsparagrafen i naturvernlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfold presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltas* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfold vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosistema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponeras* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfold i Noreg *skal stoppast* innan 2010. Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiaast i Ulvik i 2009, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås m.fl. 2006) går det fram at flest truga artar er knytte til skog (48 %) og kulturlandskap (35 %). For Ulvik er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Fremstad & Moen 2001) finn vi følgjande truga typar representerte i Ulvik: Lågurt-eikeskog (VU - sårbar), rikt hasselkratt (EN - sterkt truga), alm-lindeskog (NT nær truga), gråor-almeskog (NT), brakkvasseng (VU/CR) og artsrik vegkant (EN).

- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2010 må strategiplanen for Ulvik som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 2 og lokalitetsomtalane i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i tilhøve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekomst av raudlista artar. Lokalitetane 4, 5, 6, 7, 8, 10, 11, 12, 27, 28, 30, 31 og 176 peikar seg ut som dei viktigaste i så måte (tabell 1).
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep (skog- og våtmarksområda) og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvsagt òg følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Ulvik.
- Framande artar. Som tidlegare nemnt må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

## 1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med denne rapporten er å vere med på å gi heradet og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Ulvik , slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar (jf. kapittelet om metodikk).

## 1.7 Forklaring av nokre omgrep

**Beitemarksopp:** Grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

**Biologisk mangfald** (sjå kap. 1.2) omfattar mangfald av

- naturtypar (økosystemnivå)
- arter (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

**Indikatorart (signalart):** Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

**Kontinuitet:** I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på død ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Lungeneversamfunnet:** Nyttar om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneholder langt fleire arter.



**Figur 1.**  
*Lungeneversamfunnet har fått namn etter lungenever *Lobaria pulmonaria*, som både er lett kjenneleg og utbreidd i Noreg. Foto: Dag Holtan.*

**Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeidning, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

**Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarker med låg grad av jordarbeidning, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepene nyttar i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

**Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeidning og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallelle til beitemarksoppiane (jf. Jordal & Gaarder 1999).

**Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange arter eller for arter med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Oseanisk:** Som har å gjere med kysten og havet. Vert nyttar om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseansk er kontinental.

**Regnskogsartar:** Gaarder (2004) gjer nærmare greie for omgrepene boreonemoral regnskog. Dei boreale regnskogane i Trøndelag er alt eit innarbeidd omgrep i forvaltinga. I Hordaland er det eit smalt belte med varmekjær regnskog innafor ytterkysten, mot midtre fjordstrøk. I Ulvik er det dokumentert regnskog spesielt i ytre delar av heradet. Typiske regnskogsartar vil vere ein del av dei meir uvanlege artene i lungeneversamfunnet (sjå over).

**Raudlista:** Liste over arter som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemnd (Kålås m.fl. 2006).

**Svartelista:** Eit oversyn over innførte arter, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas m.fl. 2007). Den norske sbleielista har nokre vantartar, m.a. er fleire bartreslag, inkl. sitkagran, ikkje vurdert (kjem med i neste versjon).

**Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeidning, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynghei.

# Metode

## 1.8 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald, DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarker osb.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

### 1.8.1 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Universitetet i Oslo er kontrollerte på Verdsveven. Også ArtsDatabanken ([www.artsdata.artsdatabanken.no](http://www.artsdata.artsdatabanken.no)) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom ArtsDatabanken og universitetsdatabasane er det enkelte tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

### 1.8.2 Innsamling frå enkeltpersonar

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Ulvik. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Geir Flatabø (Ulvik) har vore nyttige.

### **1.8.3 Viktige litteraturkjelder**

*Tabell 3. Dei viktigaste nyare, skriftlege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Ulvik, med kort kommentar til innhaldet.*

Kjelde	Kommentar
Aurland Naturverkstad BA. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema planteliv. Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 6 – 2003. 62 s. ISBN 82-7426-254-9.	Ein del opplysningar om fjellfloraen ved Finse. Dei åtte lokalitetane som er avmerkte på kart er ikkje avgrensa og skildra etter DN-handbok 13 og er difor ikkje brukt vidare her.
Djønne, R. 2005. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Ulvik. Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 6/2005: 1-49.	Førstegongskartlegging av naturtypar i Ulvik.
Gaarder, G. 2008a. Biologisk mangfold i Austdøla, Ulvik kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2008: 12. 23 s.	Opplysningar om fleire relevante naturtypelokalitetar
Gaarder, G. 2008b. Småkraftverk i Norddøla i Ulvik kommune. Virkninger på biologisk mangfold. Miljøfaglig Utredning rapport 2008: 34. 61 s. ISBN 978-82-8138-315-9.	Opplysningar om fleire relevante naturtypelokalitetar
Jordal, J.B. og Gaarder, G. 2009. Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukssete kulturlandskap, inn- og Utmark i Hordaland, med ei vurdering av kunnskapsstatus. Direktoratet for naturforvaltning, Utredning 2009-1.	Opplysningar om ni avgrensa og verdisette lokalitetar i Ulvik
Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2. 181 s.	Opplysningar frå Ulvikapollen.

### **1.8.4 Eigne feltregistreringar**

Eigne feltregistreringar vart gjort i perioden 25.-30. juni og 5.-6. august. Geir Flatabø og Olav Overvoll deltok eit par dagar i den første bolken, medan Flatabø også deltok i den andre, saman med Perry Larsen.

### **1.8.5 Bestemming og dokumentasjon**

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva (bokmålsforma). Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m.fl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (primært planter og lav) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet.

## **1.9 Verdisetting og prioritering**

### **1.9.1 Generelt**

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta vare på enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekommstar eller er i framgang.

### **1.9.2 Kriterium og kategoriar**

Verdisettingskriteria følger DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjønn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbar (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylde.

### **1.9.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar**

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette lokaliteten. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er nærmare omtala i kap. 5. Nedanfor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: alm, blankstorkenebb, breiflangre, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønak, myske, ramslauk, sanikel, skogfaks, skogpersille, skogsvingel, skogsvinerot, svarterteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær,

vårerteknapp og vårmarihand, samt ei rekke sjeldsynte eller raudlista soppar bundne til rik edellauvskog eller kalkskog.

- Havstrand: firling, pollsvaks og vasskrans (berre i Ulvikapollen)
- Ferskvatn: ingen kjende
- Myr: breiull i låglandet, lite kjent i fjellområda

I tillegg kjem spesielt kravfulle eller sjeldne soppar og ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet, der regnskogsartar (jf. Gaarder 2004) vert tillagt særleg vekt.

#### **1.9.4 Bruk av truga vegetasjonstypar**

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Fremstad & Moen 2001) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

#### **1.9.5 Område med lite data eller usikker status**

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 6. Ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårlig.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioritert.

### **1.10 Presentasjon**

#### **1.10.1 Generelt**

Generell omtale av heradet med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark (kap. 4.2). Raudlisteartar er òg omtalt i eit eige kapittel (kap. 5).

#### **1.10.2 Omtale av lokalitetane**

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgt DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggande lokalitetar ligg nært kvarandre i rekjkjefølgja i rapporten. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp

hogst/fysiske inngrep som ein trusselfaktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt bli eit trugsmål.

### 1.10.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.



**Figur 6.** Kjempespringfrø *Impatiens glandulifera* er forvilla fleire stader i Ulvik. Ein vakker plante, men den blir rekna som eit trugsmål mot det stadeigne artsmangfaldet, særleg i fuktige miljø, og er ein såkalla "svartelisteart". Foto: Dag Holtan.

## 2 Naturgrunnlaget

### 2.1 Naturgeografi og klima

Ulvik herad har eit landareal inkl. ferskvatn på 722 km<sup>2</sup>. Nesten 95 % av arealet ligg høgare enn 300 m o.h., medan berre 3 % ligg under 150 m o.h. Gjennomsnittshøgda for heradet er faktisk så mykje som 600 m o.h. Arealet av ferskvatn er på 40 km<sup>2</sup>, fordelt på 895 vatn (Statistisk sentralbyrå). Markslagsstatistikk fins for ca. 80 % av arealet i heradet, i praksis det meste av arealet under skoggrensa (Institutt for Skog og landskap 2009). Her er omlag 55 % av arealet skog, vel 35 % er ulike typar open mark som rasmark og berg i dagen, 4,4 % er jordbruksareal inkl. innmarksbeite og knapt 3 % er open myr. Bebygd areal og samferdsel dekkjer berre 0,6 % av arealet. Skogen i Ulvik er fordelt på 34 % barskog, 9 % blandingskog og 57 % lauvskog (Statistisk sentralbyrå).

Topografien i Ulvik vekslar mykje, men er eit typisk fjordlandskap i ytre delar. Bratte fjellsider langs Osafjorden og Ulvikafjorden går vidare opp gjennom dalføra.

Klimaet i Ulvik er ein mellomting av kystklimaet sine milde vintrar og kalde somrar, og dei varme somrane og kalde vintrane ein finn i innlandet. Årsaka til dette er at heradet vert påverka både av fjordstraumane sine temperaturregulerande verknader, og heradet si meir kontinentale plassering. Dei store topografiske skilnadene innan heradet påverkar lokalklimaet mykje, og dei høge fjella langs fjorden fører til sær varierande solinnstråling gjennom året og døgeret (etter Djønne 2005). Naturgeografisk ligg Ulvik herad i svakt oseansk vegetasjonsseksjon og i boreonemoral til mellomalpin vegetasjonssone, med dei alpine områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for Vestlandet.

**Tabell 4.** Temperaturnormalar for Ulvik i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>. Målingane er frå stasjonen ved Hjeltnes (nr. 49910).


Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
-1,7	-1,7	0,9	4,7	10,6	14,1	15,1	14,3	10,3	6,8	1,9	-0,8	6,2

**Tabell 5.** Nedbørnormalar for Ulvik i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>. Målingane er frå stasjonen ved Hjeltnes (nr. 49910).

Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	År
145	100	115	55	60	79	90	105	175	180	170	180	1450

## 2.2 Berggrunn

Store delar av heradet ligg i eit større grunnfjellsområde med harde bergartar som granitt og gneis som forvitrar lite og dermed er næringsfattige. Unntaka finn ein i nordvest mot grensa til Ulvik. Her ligg eit stort dekke av fyllitt som er omdanna leirslam frå prekambrium. Nokre av desse områda inneheld fyllittskifer. Kalkrik berggrunn, som ofte gjev grunnlag for næringsrikt jordmonn, finn ein og att i den nordlege delen av heradet og rundt Hardangerjøkulen aust i heradet. Den marine grensa i Ulvik ligg på rundt 100-120 m o.h. (etter Djønne 2005, jf.Sigmond 1998).



**Figur 4.** Berggrunnskart over Ulvik (<http://www.ngu.no>). Den grøne fargen er næringsrik fyllitt, medan den okergule er kvartsskifer.

## 2.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i lågareliggende delar av Ulvik som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. I hovudsak er det den tilgjengelege strandlina og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område som allereie er bygd ned. Samstundes er det planta gran i ein del verdifulle lauvskogsområde.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konfliktar i høve til bruk av ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i heradet. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheiter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2010. Ulvik herad bør snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2010-målet, helst alt i 2009 (jf. tabell 2 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2009 er også biomangfaldlova.



**Figur 5.** Inngrepsfrie områder (INON) i Ulvik (<http://dnweb12.dirnat.no/inon>). Det lysegrøne feltet er 1-3 km fra tyngre tekniske inngrep som vegar og kraftlinjer osb. Mørk grøn, såkalla "villmarksprega område" er område > 5 km fra tekniske inngrep. Slike område har Ulvik berre aust i grensefjella mot Hol.



**Figur 15.** Vårerteknapp  
Lathyrus vernus er ikke så vanleg i Hardanger, men er m.a. funnen i skogen ved Sygnesteit.  
Foto: Dag Holtan.

# 3 Naturtypar

## 3.1 Hovudnaturtypar

Ulvik herad har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

**Tabell 6.** Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Ulvik herad, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus, og i tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<b>Myr</b> I Ulvik er det ikkje så mykje intakt myr i låglandet, og særleg ikkje rikmyr. I fjellnære område er det noko, men desse er ikkje nærmare kartlag gjennom dette prosjektet. Status for kartlegging av myr er derfor dårlig.	Det viktigaste er å sikre at intakte lokalitetar ikkje vert bygde ut, drenerte eller utsette for fysiske inngrep
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b> Utbreidd naturtype i Ulvik. Det finst truleg interessante utformingar i og ovanfor mange av dei mest soleksponerte edellauvskoglokalitetane. Litt av naturtypen vert fanga opp gjennom førekomst av bratte bergveggar i mange skoglokalitetar, men alt i alt må kartleggingsstatus reknast som dårlig.	Truleg er ingen spesielle tiltak naudsynte. Utbygging er mindre aktuelt pga. bratt terrem og rasfare. Det hadde likevel vore særleg interessant å kartlegge områda ved Midtfjell og ovanfor Ossete. Desse er kalkrike og samstundes greitt tilgjengelege. Sopp bør også vektleggast her.
<b>Fjell</b> Kalkrike område i fjellet finst både vest og aust i Ulvik. Naturtypen vart ikkje prioritert i 2009, men noko er fanga opp av Djønne (2005). Ein del kartleggingsarbeid er gjort i områda rundt Finse, men er ikkje godt nok kartfesta eller skildra som naturtypelokalitetar.	Bør kartleggast vidare, særleg med tanke på å fange opp område med raudlisteartar. Også lav, sopp og mosar i kalkrike fjellområde bør kartleggast meir systematisk.
<b>Kulturlandskap</b> Det er lite att av tradisjonelt drivne kulturlandskap i Ulvik. Det vart gjort noko feltarbeid under den tidlegare kartlegginga (Djønne 2005), i tillegg er	Alle ugyptsla slåtte- eller beitemarker bør oppsporast og undersøkast. Viktige lokalitetar må

<b>Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus</b>	<b>Oppfølging</b>
noko gjort gjennom eit nasjonalt prosjekt i 2008 (Jordal & Gaarder 2009). Kartleggingsstatus kan reknast som middels god, men for mange lokalitetar er dokumentasjonen i tynnaste laget.	sikrast mot attgroing (dvs. drift er naudsynt), men det må ikkje gjødslast. Styvingshagar bør også følgjast opp.
<b>Skog</b>	
Det er vanskeleg å fange opp alle rike edellauvskogar og furuskogar i eit prosjekt med såpass avgrensa ressursar. Truleg er likevel dei fleste A-lokalitetane i Ulvik fanga opp. Kartleggingsstatus blir vurdert som middels god til god.	Truleg er alle A-lokalitetar i fjorden (Eidfjorden, Ulvikafjorden og Osafjorden) fanga opp, men det står att viktige område med tidlegare funn av raudlisteartar særleg på austsida av Osafjorden.
<b>Ferskvatn/våtmark</b>	
Næringsrike låglandsvatn finst ikkje i Ulvik. Derimot er det fleire potensielt interessante fossesprøysoner og bekkekløfter som ikkje er undersøkte.	Det viktigaste er å unngå tørrlegging av verdifulle lokalitetar. Fossesprøysoner bør kartleggast systematisk (noko vil bli gjort gj. eit nasjonalt kartleggingsprosjekt for bekkekløfter i 2009 – resultat blir publisert i 2010).
<b>Kyst og havstrand</b>	
Få aktuelle lokalitetar i Ulvik, og dei få som finst kjenner ein truleg til (Ulvikpollen NR og Hjeltnes). Med unnatak for dei ytre delane av Osafjorden, der strandberg er inkludert i ein skoglokalitet, er det ikkje kjent rike strandberg i heradet. Truleg god kartleggingsstatus.	Det viktigaste er å unngå vidare nedbygging, og å ta vare på dei lokalitetane som no er kartfesta.

## 3.2 Lokalitetar med felterbeid i 2009

I løpet av 2008 og 2009 er det gjort nytt felterbeid på 42 naturtypelokalitetar i Ulvik. Nedanfor er alle desse omtala, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nummer på lokalitetar som alt låg inne i Naturbase er nemnt der det er snakk om reinventing av tidlegare kartfesta lokalitetar, og oftast er avgrensinga noko endra i forhold til Djønne (2005) si avgrensing.

Forkortingar: GF= Geir Flatabø, DH = Dag Holtan, JBJ= John Bjarne Jordal, PL= Perry Larsen, OO= Olav Overvoll

Lokalitet 1	Djupavika
<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 790 066
<b>Naturtype:</b>	F03 Kalkskog
<b>Utforming:</b>	F0301 Tørr kalkfuruskog
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.06.2009, DH, innspel frå Geir Flatabø

### Lokalitetssomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige felterbeid 22.06.2009 og innspel frå Geir Flatabø.

**Generelt:** Lokaliteten ligg heilt vest i Ulvik, på grensa mot Ullensvang. Den ligg Djupavika og Kvammen, ovanfor vegen mot Djønno og Tjoflot. Avgrensinga er relativt grov. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er porfyrygranitt med kalifeltpat, og i alle fall den austre delen av lokaliteten er det noko kalkrikt (Geir Flatabø pers. medd.).

**Vegetasjon:** Nokså rik lågurtvegetasjon i aust vekslar mot fattigare skog mot vest, her m.a. med røsslyngskog og mjølbærutforming (knausskog). Det er ikkje særleg grove dimensjonar på trea, noko som truleg skuldast at lokaliteten er svært bratt og ofte har svakt utvikla humusdekke (mykje berg i dagen og tynt jorddekket). Her er ei fin veksling av treslag som bjørk, furu, hengjbjørk, hassel, lind og sommareik.

**Kulturpåverknad:** Området ser ikkje ut til å ha spor etter nyare negativ påverknad.

**Artsfunn:** Geir Flatabø (pers. medd.) opplyser om bra innslag av viktige lågurtartar som breiflangre (regionalt lite vanleg art), furuvintergrøn og krattslirekne (svært sjeldsynt regionalt). Tidlegare er det gjort interessante soppfunn her: Svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxeros* (raudlista NT), bleik svovelriske *Lactarius resimus* (NT), skjermkjuke *Polyporus umbellatus* (VU) og raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT). Lokaliteten er heller dårleg undersøkt, og særleg er det grunn til å forvente fleire funn av interessante soppartar.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi den utgjer ein regionalt sjeldsynt og truga naturtype, med eit erfaringmessig godt potensial for funn av raudlista soppar bundne rike skogtypar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

<b>Lokalitet 2</b>	<b>Fureneset</b>
<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 815 078
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt (20%), F0105 Alm-lindeskog (>50%)
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.06.2009, DH

### **Lokalitetsomtale**

Omtalen er skiven av Dag Holtan 17.12.2009, basert på eige feltarbeid 22.06.2009.

*Generelt:* Lokaliteten omfattar ein mindre skogteig ovanfor Rv7, ca. 500 m aust for Vallaviktunnelen. Vegetasjonsgeografisk ligg den i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er meta-andesitt som inneheld ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og oftast næringsrik.

*Vegetasjon:* Det er snakk om ein ganske fattig til middels rik lågurtskog, rik på strø frå lauv og kvist, med overgangar mot småbregneskog. I små sig er det oppslag av høgstaudar og storbregner. Liggande, død ved er meir spreidd. Skogen er ung til middelaldrande, med t.d. opp til 70 cm tverrmål for dei grovaste ask- og eiketreia. Øvst er det innslag av gamle og godt utvikla hasselkratt. Noterte treslag var alm (raudlista NT), ask, bjørk, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn, selje og sommareik.

*Kulturpåverknad:* Eit noko utarma planteliv vitnar om tidlegare drift med beiting. Her er også ein gammal løypestreng og ei nyare telefonline.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. bjørnebær, hengjeaks, hundegras, klengjemaure, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, raud lungeurt (gammal hagestaude), skogburkne, skogfiol, stornesle, vendelrot og sølvbunke (kulturindikator). Lungeneversamfunnet er svakt utvikla og artsfattig, med grynfiltlav, stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som lokalt viktig (C) fordi den er nokså liten og ganske artsfattig samanlikna med andre område langs fjorden. Verdien kan likevel aukast om ein finn raudlista eller sjeldsynte soppar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

<b>Lokalitet 3</b>	<b>Smedvika</b>
<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 823 080
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt (>20 %), F0105 Alm-lindeskog (>40 %), F0107 Or-askeskog (>10 %)
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.06.2009, DH

### **Lokalitetsomtale**

Omtalen er skriven av Dag Holtan 17.12.2009, basert på eige feltarbeid 22.06.2009.

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den sør vendte lia ovanfor Rv7 nedanfor Hallanger. Avgrensinga er noko omtrentleg mot vest og aust. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er meta-andesitt som inneholder ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og ofta næringsrik.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er nokså skarpt delt mellom lågurtskog og høgstaude-storbregneskog, særleg ved eit overrisla område vest i lokaliteten (her er det kjeldebekkar med or-askeskog). Både strø og liggande død ved er vanleg. Særleg kan hasselkratta sjå ut til å vere gamle, med eit bra kontinuitetspreg, medan resten av skogen er ung nedst og middelaldrande øvst i lia, likevel med et stort innslag av høgreiste tre. Av treslag veks her alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på oppstikkande, tørre ryggar. På desse er det eit nokså godt utvikla tørrbakkeelement.

*Kulturpåverknad:* Her er døme på styva tre, særleg lind, men ikkje talrikt. Det ser elles ikkje ut til å ha vore intensivt beita tidlegare, då plantelivet er rikt og intakt. Eit svært uheldig trekk er spreiing av ein innført problemart som kjempespringfrø, som no heilt har invadert ein sjeldan og trua vegetasjonstype som kjeldesumpskogen er (or-askeskog). Her er dessutan spreidd noko gran.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. akeleie, enghumleblom, engknoppurt, fingerstorr, gjøglarblom (innført, men ufarleg art, veks i bekken veg Rv7), kjempebjønnkjeks (innførd problemart, førebels berre i vegkanten), kjempespringfrø (innført problemart), kjempesvingel (regionalt sjeldsynt art), kransmynte, lodnefaks (regionalt sjeldsynt), lundgrønaks, myske, mongolspringfrø (innførd art, men truleg ikkje farleg), prikkperikum, skogburkne, skogpersille (regionalt og dels nasjonalt sjeldsynt art), skogsvinerot, stikkelsbær, sumphaukeskjegg og ein litt kravfull orkidé som vårmarihand. Hasseljuke *Dichomitus campestris* veks på hassel, og er ein god indikator på kontinuitet for dette treslaget.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi den er artsrik og i hovudsak intakt, med innslag av truga vegetasjonstypar. Særleg i lågurtdelen er her dessutan eit godt erfaringsmessig potensial for funn av raudlista eller sjeldsynte soppar, truleg også insekt. Dette er lagt noko vekt på ved verdivurderinga.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast, og ein bør utarbeide ein plan for fjerning av kjempespringfrø. Den har potensial til å overta all fuktig vegetasjon.

**Lokalitet 4****Breiskor, Bruravik**

<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 843 085
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkritt, F0105 Alm-lindeskog
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2009, DH

**Lokalitetsomtale**

Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige felterbeid 23.06.2009.

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor fylkesveg 572, like nord for ferjeleiet ved Bruravik. Mot nordaust grensar lokaliteten mot Sandviksbekken og annan lokalitet, i sørvest er grensa meir diffus. Nedre grense går langs vegskjeringa, medan øvre grense følgjer ein meir eller mindre markert bergskrent. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonseksjon. Berggrunnen er meta-andesitt som inneholder ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og ofta næringssrik.

*Vegetasjon:* Dette er ein stupbratt alm-lindeskog med mykje hassel og hengjebjørk. Området er vekselfuktig, med innslag av rik lågurtskog i tørre parti og meir høgstaudepreg i vekselfuktige sig. Særlig er her mange døme på gamle, velutvikla hasselkritt, med elles ung skog i nedste delen og eldre og grovvaksen skog i øvre del av lia. Rasmark og blokkmark utgjer viktige innslag. Liggande, død ved er svært utbreidd, og her er også mykje strø. Av treslag veks her alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på tørrare benkar og oppstikkande ryggar.

*Kulturpåverknad:* Langs vegen er her nokre små hogstflatar (vedhogst). Elles er det innslag av styva edellauvtre, m.a. med gamle holtre av ask og lind. Området grensar til fylkesveg 572/RV7 i nedkant, med spreidde innslag av somme innførde artar, m.a. hagelupinar.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. breiflangre (regionalt sjeldsynt), engtjærebлом, fagerperikum, fingerstorr, junkerbregne, lundgrønaks, maurarve, myske (ofte dominant), sanikel (LN 84260, 08493), skogburkne, skogsosalat, skogsvinerot, skogsvingel, sumphaukeskjegg, trollbær og vårmarihand. I lungeneversamfunnet vart det påvist artar som blyhinnelav, buktporelav, kystfiltlav, kystnever, kystvrenge, lungenever og vanleg blåfiltlav. Av raudlista sopper er det tidlegare funne ametystkantarell *Cantharellus amethysteus* (NT), den sjeldsynte hardingslørsoppen *Cortinarius argenteolilacinus* (VU), kjempeslørsopp *C. praestans* (VU), knollstilkjuke *Polyporus tuberaster* (NT), falsk brunskrubb *Porphyrellus porphyrosporus* (NT), raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT), rustkjuke *Phellinus ferruginosus* og skjelrøysopp *Strobilomyces strobilaceus* (EN).

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er ganske stor, i hovudsak intakt og artsrik, med funn av fleire raudlisteartar i høgare kategori.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

<b>Lokalitet 5</b>	<b>Vedåna</b>
<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 846 094
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog, D18 Haustingsskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog, D1801 Haustingsskog med edellauvtre
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.06.2009, DH; Djønne 2005

### **Lokalitetsomtale**

Omtalen er skiven av Dag Holtan 18.12.2009, basert på eige feltarbeid 22.06.2009 og litteraturkjelder (Djønne 2005).

*Generelt:* Lokaliteten ligg på oppsida av fylkesveg 572, ein dryg km nord for ferjeleiet ved Bruravik. Den ligg mellom Sandviksbekken og Vedåna, og grensar mot andre lokalitetar i begge endar. Øvre grense går ca. 350 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oceanisk vegetasjonssesjon. Berggrunnen er meta-andesitt som inneholder ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og oftaast næringsrik.

*Vegetasjon:* Tørr til vekselfuktig lågurtvegetasjon er karakteristisk for heile lokaliteten, berre med spreidde høgstaudesamfunn eller småbregneutformingar, ofte med myske og skogsvingel som dominantar. Eit interessant trekk er innslaget av naken jord, som ofte er typisk i området med høgt tal av sjeldsynte soppar bundne til rik lågurtskog. Kvist, lauvstrø og liggande død ved er vanleg. I øvre delen er det høgt innslag av storvakten skog, og hasselkratta er ofte gamle. Her er også mykje kalkrik og/eller sørverndt rasmark. Av treslag veks her alm (raudlista NT), lind, ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på tørrare benkar og oppstikkande ryggar.

*Kulturpåverknad:* Området grensar til fylkesvegen i nedkant, med spreidde førekommstar av innførte artar, m.a. hagelupin. Her er også eit ganske høgt innslag av gamle styva tre, særleg hengjebjørk og lind, med fleire holtre.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. bergfrue, engtjærebloom, filtkongslys, fingerstorr, liljekonvall, lintorskemunn, lundgrønaks, legeveronika, markjordbær, myske, prikkperikum, skogfiol, skogsplat, skogsvingel og ein litt kravfull orkidé som vårmarihand. Lungenesversamfunnet er flekkvis godt utvikla på berg og lauvtre, med blyhinnelav, buktporelav, grynfiltlav, kystnever, kystvrenge, lungenever, muslinglav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Av raudlista soppar er det tidlegare funne kjempeslørsopp *Cortinarius praestans* (VU), svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxeros* (NT), muleg hasselvokssopp *Hygrophorus cf. lindtneri* (EN), narrepiggsopp *Kavinia himantia* (NT), dvergstanksopp *Mutinus caninus* (NT), lundhette *Mycena pelianthina* (VU), knollstilkjuke *Polyporus tuberaster* (NT), skjermkjuke *P. umbellatus* (VU), raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT), skumkjuke *Spongipellis spumeus* (EN), skjelrøysopp *Strobilomyces strobilaceus* (EN) og svartspetta musserong *Tricholoma atrosquamosum* (NT). Til sist må nemnast mykje merker etter hakkespettar.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er ganske stor, intakt, artsrik og har mange raudlisteartar i høgare kategori.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane her er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

**Lokalitet 6****Timbergili**

<b>Naturbase:</b>	BN00000951
<b>UTM:</b>	LN 848 097
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2009, DH; Djønne 2005

**Lokalitetsomtale**

Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 23.06.2009 og litteraturkjelder (Djønne 2005).

**Generelt:** Lokaliteten ligg på oppsida av fylkesveg 572, om lag 1,5 km nord for ferjeleiet ved Bruravik. Den ligg mellom Vedåna og Atlåsbekken og grensar mot andre lokalitetar i begge ”endar”. Øvre grense følgjer stort sett bratte bergveggar i høgdelaget 150-250 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er meta-andesitt som inneholder ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og ofta litt næringssrik.

**Vegetasjon:** Dette er ein alm-lindeskog med mykje hassel og hengjebjørk, og tørr lågurtvegetasjon. I sesongfuktige sig er det spreidd også litt høgstaudevegetasjon. Blokkmark og soleksponert rasmark er viktige innslag. Her er store mengder av strø frå både lauv og kvistar. Av treslag veks her alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på tørrare benkar og oppstikkande ryggar. Både for lind og eik vart det observert gamle holtre, og lind er ofte høgreist.

**Kulturpåverknad:** Bortsett frå enkelte gamle, styvingstre er det ingen synleg, negativ påverknad. Området grensar til fylkesveg 572 i nedkant, der det er spreidde innslag av innførte artar i vegganten.



**Figur 8.** Brattlendt edellauvskog er typisk både langs fjorden og i nedre delar av dalføra i Ulvik. Her frå lok. 6, ved Timbergili i Ulvikafjorden. Foto: Dag Holtan.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. bergperikum, fingerstorr, hengjeaks, hundekveke, knollerteknapp, lundgrønaks, legeveronika, markjordbær, myske,

skogfiol, skogsvingel, skogsvinerot, storfrytle. Lungeneversamfunnet er sparsamt og ikke svært godt utvikla, med blyhinnelav, kystnever, kystvrenge, lungenever og vanleg blåfiltlav. Av raudlista soppar er det tidlegare funne knollstilkjuke *Polyporus tuberaster* (NT), raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT), gråsvart kremle *Russula albonigra* (NT) og skjelrørsopp *Strobilomyces strobilaceus* (EN).

**Verdivurdering:** Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er intakt, artsrik og førebels har ein raudlisteart i høgare kategori.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

## Lokalitet 7

### Torgilsberget/Staursnes

<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 853 103
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2009, DH; Djønne 2005

#### Lokalitetsomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 23.06.2009 og litteraturkjelder (Djønne 2005).

**Generelt:** Lokaliteten ligg på oppsida av fv 572, om lag 2,5 km nord for ferjeleiet ved Bruravik. I sørvest grensar lokaliteten mot Atlåsbekken og annan lokalitet, i nordaust følgjer grensa Eddegejlet. Øvre grense følgjer til dels bratte bergveggar frå 150 til 350 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er meta-andesitt som innehold ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og ofta næringssrik.

**Vegetasjon:** Her er mykje tørr alm-lindeskog med stort innslag av hassel og hengjebjørk, ofta med lågurt- eller småbregneutforming, med høgstaude-storbregneskog i nokre gjel. Soleksponert blokkmark, rasmark og tørrberg er viktige innslag. Særleg er hasselkratta gamle, med elles jamt over middelaldrande skog. Strø av lauv og kvist er vanleg. Av treslag veks her alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på tørrare benkar og oppstikkande ryggar. Tverrmål på eik er opp til 90 cm.

**Kulturpåverknad:** Det er ikkje spor etter nyare påverknad bortsett frå litt vedhogst i nedre delen, og det einaste kulturbetinga innslaget ser ut til å vere spreidde, styva lindetre. Området grensar til fylkesveg 572 i nedkant, med små innslag av somme innførde artar, m.a. kjempebjønnkjeks.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. bergfrue, bergperikum, bjørnebær, engtjæreblom, fingerstorr, grov nattfiol, gulsildre, kattefot, liljekonvall, lintorskemunn, lodnevrenge, lundgrønak, rundbelg, skogsvinerot, skogsvingel, sølvmur og vårerteknapp. Lungeneversamfunnet er sparsamt, med blyhinnelav, kystnever, kystvrenge, skjelglye og vanleg blåfiltlav. Av raudlista soppar er det tidlegare funne ametystkantarell *Cantharellus amethysteus* (NT), svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxeros* (NT), grånande seigsopp *Marasmius wynnei* (NT), raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT), skjelrørsopp *Strobilomyces strobilaceus* (EN) og svartspetta musserong *Tricholoma atrosquamosum* (NT).

**Verdivurdering:** Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er stor, artsrik og intakt, med ein raudlisteart i høgare kategori.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Framande artar, som kjempebjønnkjeks langs vegen, bør fjernast.

## Lokalitet 8 Hetlenes-Tveito

Naturbase:	Ny lokalitet
UTM:	LN 12-14 88
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	23.06.2009, DH

### Lokalitetsomtale

Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 23.06.2009.

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den austvendte lia under Blåfjell 3-4 km sør for Ulvik sentrum. Det er snakk om ein stor lokalitet som strekkjer seg omlag 1,5 km frå Hetlenes i sør til Tveito i nord. Lokaliteten ligg frå ca. 50 til 400 m o.h. Øvre grense følgjer i grove trekk bergrøta, medan nedre grense går langs ei kraftlinje. I sør går grensa omlag ved Hetlenesbekken, i nord meir diffust litt sør for Tveito. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er i den sørlege delen meta-andesitt som inneholder ultramafiske bergartar. Denne er noko skifrig og oftast næringsrik. Den nordlege delen har også sure og fattige granittar.

*Vegetasjon:* Tørr lågurtskog og ope blokkmark er vanleg lengst i nord, med meir høgstaudepreg i dei sesongfuktige bekkekløftene. Under Blåfjell har det nyleg gått eit større steinras, og her er det frodig høgstaudevegetasjon, med oppslag av lauvtre under etablering, særleg gråor og hassel. Liggande, død ved er vanleg, og flekkvis er det store mengder med strø. Hassel vart målt til 25 cm i tverrmål, og det er svært grovt for dette treslaget. Av treslag veks her alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje, med furu og sommareik på tørrare benkar og oppstikkande ryggar, helst mot sør.

*Kulturpåverknad:* Det er planta gran i den nedre delen av området, men mest utanfor avgrensinga. Her går også ei lita kraftline. Gamle, grove styvingstre finst, men utgjer ikkje noko dominant element.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. bergfrue, engtjæreblom, hundekveke, junkerbregne, liljekonvall, lundgrønaks, myske (ofte dominant), myskegras, prikkperikum, rundbelg, skogburkne, skogfaks (fleire delområde i nord for denne regionalt svært sjeldsynte arten), skogsalat, skogsvinerot, skogsvingel, tannrot (regionalt uvanleg art), trollbær, trollurt og vårerteknapp (regionalt lite vanleg). Lungeneversamfunnet er ganske godt utvikla, særleg i den øvre delen av lia, med blyhinnelav, buktporelav, grynfiltlav, kystfiltlav, kystnever, lungenever (talrik), muleg olivenfiltlav (raudlista VU), stiftfiltlav, sølvnever og vanleg blåfiltlav.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er svært stor, i hovudsak intakt og artsrik, med eit godt potensial for funn av sjeldsynte eller raudlista soppar bundne til rik edellauvskog (særleg hassel og lind).

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.



**Figur 9.** Myske og skogfaks i lok. 8 mellom Hetlenes og Tveito. Foto: Dag Holtan.

### Lokalitet 9

### Hjeltnesstranda

Naturbasenr.:	BN00000929
UTM:	LN 863 161
Naturtype:	G05 Strandeng og strandsump
Utforming:	-
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	29.06.2009, DH & OO; Djønne 2005

### Lokalitetsomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 29.06.2009 saman med Olav Overvoll, og litteraturkjelder (Djønne 2005).

**Generelt:** Lokaliteten ligg aust for småbåthamna ved Hjeltnes, på sørsida av Ulvikapollen. Den grensar mot småbåthamna i vest og mot ung skog i aust. I bakkant (sør) går lokaliteten over i tidlegare dyrka mark i attgroing. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Området ligg på marine avsetjingar.

**Vegetasjon:** Det meste av lokaliteten har høgstaudevegetasjon i bakkant, med ein bra førekommst av takrøyr og dårlig sonert forstrand, m.a. med raudsvingeleng. Takrøyrvegetasjon på havstrand, i brakkvassump (U8), er elles svært sjeldan på våre kantar.

**Kulturpåverknad:** I bakkant er det attgroande, fulldyrka mark, og mot vest er det kai og opplagsstad for småbåtar. Eit gammalt båtvrek står her i verdifull vegetasjon. På tørrare stader er det innslag av ein innførd art som hagelupin, medan kjempespringfrø veks fuktigare. Også skvallerkål er i spreiling.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. gåsemure, fjøresaulauk, fjøresivaks, fjørestorr, fredlaus, fuglevikke, hundekjeks, kystbjønnkjeks, pollsvaks (regionalt

sjeldsynt, særleg i indre strok), raudsvingel, saltsiv, skogrøyrkvein, skogsnelle, stornesle, strandkjeks, strandrøyr, sumpmaure og takrøyr. Ein bør også leite etter firling og vasskrans, som begge er funne i naturreservatet inst i Ulvikpollen.

**Verdivurdering:** Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi den inneholder regionalt sjeldsynte og uvanlege naturtyper og artar. Den bør sjåast i samanheng med verneområdet lenger aust i pollen.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Båtvaket bør fjernast, helst utanfor vekstsesongen. Det same gjelder for innførde artar (særleg lupinar og kjempespringfrø).

## Lokalitet 10

### Hilleberstranda

Naturbasenr.:	BN00000923
UTM:	LN 86-88 13
Naturtype:	F03 kalkskog (>60 %), F01 Rik edellauvskog (35 %), G09 Rike strandberg (5 %)
Utforming:	F0301 Tørr kalkfuruskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	30.06.2009, DH & OO; Djønne 2005

#### Lokalitetsomtale

Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 30.06.2009 saman med Olav Overvoll, og litteraturkjelder (Djønne 2005).

**Generelt:** Lokaliteten ligg i den søraustvendte lia ytst på vestsida av Osafjorden og strekkjer seg ca. 3,5 km i sørvest-nordaustleg retning. Den er skarpt avgrensa av sjøen i nedkant, medan øvre grense går omlag i kanten på platået, ca. 160 m o.h. I sørvest og nordaust er grensene diffuse. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er granittisk gneis i nord, og næringsrik meta-andesitt i sør.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er nokså variert, med rik til fattig lågurtvegetasjon, innslag av småbregneskog, blåbærskog nær platået øvst og ikkje minst rikeleg med blokkmark og soleksponert rasmark. Også strandberga skal vere flekkvis rike (jf. Djønne 2005). Det meste av området har tørr furuskog, som i alle fall i dei midtre delane av lia synest å vere middelaldrande, ofte med tverrmål på kring 60 cm. Liggande, død ved finst spreidd. Lauv- og kviststrø er vanlegast i dei lauvtredominerte områda. Av treslag finst, i tillegg til furu, i alle fall alm (raudlista NT), bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, lind, osp, rogn, rognasal og selje.

**Kulturpåverknad:** Heile platået ovanfor lokaliteten er utnytta i skogbruks-samanheng, og her er det traktorvegar og skogsbilvegar. Dette påverkar likevel ikkje verdiane i den brattaste lia, der det berre er spor etter plukkhogst, mest i den øvre delen. Gran finst spreidd.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. bergasal, bergfrue, bergmynte, bergperikum, blåknapp, fingerstorr, furuvintergrøn, gulaks, hengjeaks, kantkonvall, lodnebregne, lundgrønaks, legeveronika, knollerknapp, kransmynte, kvitbergknapp, lundgrønaks, markjordbær, myske, svarteknapp (svært sjeldsynt regionalt), sølvmore og teiebær. Plantelivet er dårleg undersøkt. Aktuelle soppartar for kalkfuruskog som er funne oppe på platået (rett utanfor avgrensinga, somme kan hende innanfor) er lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (NT), barstrøslørsopp *Cortinarius fraudulosus* (NT), kvit melslørsopp *C. lustratus* (VU). Det vart samstundes funne spor etter kvitryggspett (NT), og gråspett (NT) vart også observert.

**Verdivurdering:** Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er stor og i hovudsak intakt, ganske artsrik og har både sjeldne og truga naturtypar (kalkskog) og artar.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Gran bør fjernast.

<b>Lokalitet 11</b>	<b>Melnes/Geitaskjerskorane</b>
<b>Naturbasenr.:</b>	BN00000949
<b>UTM:</b>	LN 900 170
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog, B01 Sør vendt berg og rasmark
<b>Utforming:</b>	F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog, B0101 Kalkrik og/eller sør vendt rasmark
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2009, DH; Djønne 2005

### **Lokalitetsomtale**

Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 23.06.2009 og litteraturkjelder (Djønne 2005).

**Generelt:** Lokaliteten ligg om lag midt mellom Osa og Øyvindstå, i den sør austvendte lia i Osafjorden. Lokaliteten ligg ovanfor vegen mot Osa, men avgrensinga er nokså grov. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er fattige gneisbergartar, men bratt terreng sørger for jamn tilførsle av mineralar, slik at her er meir næringsrikt enn kva berggrunnen åleine skulle tilseie.

**Vegetasjon:** Tørr lågurtvegetasjon er det som dominar i lia, med enkelte kravfulle høgstaudar og storbregnar ved ein sesongfuktig bekk i nord. Tresjiktet er heller glissent, med flekkvis talrike læger og mykje strø. Av treslag vart det notert alm (raudlista NT), ask, bergsal, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, lind, osp, rogn, rognosal, og selje, med furu og sommareik på tørre benkar.

**Kulturpåverknad:** Her er ein gammal geitefjøs, men det er no lenge sidan det vart slutt på denne utnyttinga. Elles er det generelt liten eller ingen nyare, negativ påverknad, men ein del framande artar er i spreiing langs vegen i nedkant av lia (m.a. bulkemispel, gravbergknapp, hagelupin, honningknoppurt, muleg japanpestrot, kjempespringfrø, mongolspringfrø, prydfredlaus og sibirbergknapp). Platanlønn er i spreiing, om ikkje akkurat på dei tørraste stadene.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. bergmynte, bergperikum, blankstorkenebb (raudlista NT og regionalt svært sjeldsynt), dvergmispel, fingerstorr, grov nattfiol, gulsildre, gulstorr, ein hagtornart, junkerbregne, kjempesvingel (regionalt uvanleg), knollerteknapp, kransmynte, kvitbergknapp, kystfrøstjerne, lundgrønak, piggstorr, skogfaks (regionalt sjeldsynt), skogmarihand, skogpersille (regionalt uvanleg), skogsvinerot, smørbukk, svarterteknapp (regionalt sjeldsynt), svarthyll, sølvmore, trollbær, vårmarihand og åkermåne. På berg og edellauvtre er det fleire steder noko lungeneversamfunn, m.a. med blyhinnelav, buktporelav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Interessante soppar er skrukkeøyre *Auricularia mesenterica* (på greiner av alm), svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxeros* (NT), almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (VU), dvergstanksopp *Mutinus caninus* (NT), knollstilkjuke *Polyporus tuberaster* (NT), raudtuupsopp *Ramaria botrytis* (NT), *R. fagetorum* (EN) og gullkremle *Russula aurea*. Potensialet for funn av fleire raudlista soppar bundne til rik, tørr lågurtvegetasjon er stort.

**Verdivurdering:** Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er stor, artsrik og intakt, med ein del interessante artar og vegetasjonstypar og raudlisteartar i høgare kategori.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

## Lokalitet 12

### Ernes

**Naturbase:**

Ny lokalitet

**UTM:**

LN 915 184

**Naturtype:**

F01 Rik edellauvskog, D18 Haustingsskog, B01 Sør vendt berg og rasmark

**Utforming:**

F0103 Rikt hasselkratt, F0105 Alm-lindeskog, D1801 Haustingsskog med edellauvtre, B0101 Kalkrik og/eller sør vendt rasmark

**Verdi:**

A (svært viktig)

**Moglege trugsmål:**

Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:**

24.06.2009, DH

### Lokalitetsomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.12.2009, basert på eige feltarbeid 24.06.2009.

**Generelt:** Lokaliteten ligg i den søraustvendte lia inst i Osafjorden. I nedkant grenser lokaliteten mot vegen, elles er grensene meir diffuse. Øvre grense går i underkant av 380 m o.h. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonseksjon. Berggrunnen er fattige gneisbergartar, men bratt terrenget sørger for jamn tilførsle av mineralar, slik at her er meir næringsrikt enn kva berggrunnen aleine skulle tilseie.


**Vegetasjon:** Rik og variert lågurtskog er typisk for heile området, med innslag av meir utprega nitrogenrik høgstaude-storbregnevegetasjon i fuktsig. Her er svært mykje grove og gamle hasselkratt, og det er ikkje ofte ein ser ei så fin utforming som denne. Mange skot er meir enn 20 cm i tverrmål. Liggande død ved er vanleg, ofte i grove til svært grove dimensjonar, og også strødekke av kvistar og lauv er utbreidd. Av treslag vart det notert alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, lind, osp, rogn, og selje, med furu og sommareik på tørre benkar. Eit lite parti heilt i sør kan truleg førast til gammal fattig edellauvskog (F0201 eikeskog).

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten grensar til veg i nedkant. Mest markant er dei store innslaga av grov til svært grov styva alm og lind (dels også ask og hengjebjørk), med mange holtre, og dette er heilt klart mellom dei beste utformingane for haustingsskog i Hardangerregionen. De vart registrert spreiing av platanlønn langs vegen, og her er også noko gran. Mange stader er det store beiteskadar på alm etter hjorten. Kjempespringfrø er i spreiing langs vegen.

**Artsfunn:** Av noterte karplanter var m.a. fingerstorr, hundekveke, kratthumleblom, lundgrønaks, mongolspringfrø (innførd, men truleg ikkje farleg), myske, piggstorr, skogburkne, skogfiol, skogsvinerot, skogsvingel, springfrø, stormesle, tannrot (lite vanleg regionalt), trollbær og trollurt. I lungeneversamfunnet er det på berg og edellauvtre flekkvis fine oppslag av artane blyhinnelav, buktporelav, grynfiltlav, kystnever, lungenever, skrubbenever, stiftfiltlav, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Tidlegare er her også funne raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT), medan almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (VU) vart funnen i 2009. Potensielt bør her finnast mange andre raudlista soppar.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A) fordi den er stor, intakt og ganske artsrik, samstundes som somme av dei best utvikla hasselkratta og ei av dei beste utformingane for haustingsskog i Hardangerregionen er akkurat her. Potensialet for funn av raudlista soppar bundne til rik og tørr edellauvskog eller til gamle edellauvtre er tillagt stor vekt i verdivurderinga.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep. Framande artar (inkl. gran) bør fjernast.



**Figur 10.** Mange stader på Vestlandet har hjorten ført til store beiteskadar på alm, også ovanfor Ernes i Osafjorden. Foto: Dag Holtan.

### Lokalitet 13

### Osa: aust for Folkvang

**Naturbase:**

Ny lokalitet

**UTM:**

LN 924 785

**Naturtype:**

F01 Rik edellauvskog, D18 Haustingsskog

**Utforming:**

F0105 Alm-lindeskog, D1801 Haustingsskog med edellauvtre (10 %)

**Verdi:**

B (viktig)

**Moglege trugsmål:**

Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:**

24.06.2009, DH

### Lokalitetssomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 02.01.2010, basert på eige feltarbeid 24.06.2009.

*Generelt:* Lokaliteten ligg i den vest- til sørvestvendte lia ovanfor Folkvang i Osa. Lokalitetsrensene er ikke skarpe. Øvre grense går opp til ca. 300 m o.h. lengst søraust. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral til sørboreal

vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er fattig, hard og sur, med gneisbergartar.


*Vegetasjon:* Området ligg under bratte hamrar og berg, med noko tørr ospeskog og tørrbakkar, på eit flatare parti øvst. Strø av lauv og kvist er det rikeleg med, og her er også mykje død ved, særleg som læger. Både lågurt- og høgstaude-storbregnevegetasjon er representert, med flekkvis store parti med mosegrodd blokkmark. Av treslag skal nemnast alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, lind, norsk asal (regionalt sjeldsynt art), osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* Her er et bra innslag av styva almetre. Særleg på det flate partiet nedst er det eit klart preg av tidlegare beite, med lite vegetasjon og ein del beitetolerante planter, ofte slike som er tolerante for høgt innhald av nitrogen.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. borre, filtkongslys, gjeldkarve, hengjeaks, liljekonvall, legeveronica, markjordbær, myske, kvitbladtistel, kvitsoleie, skogfiol, skogsvinerot, skogsvingel, småklengjemaure, storklokke, strandrøyr og vendelrot.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi den er velutvikla og intakt, med eit bra potensial for funn av kravfulle eller raudlista soppar bundne til ulike aspekt ved edellauvskogen. Funn av norsk asal dreg verdien litt opp.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiene på lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.



**Figur 11.** Rasmekker og tørrbakkar er karakteristisk i delar av lok. 13. Foto: Dag Holtan.

## Lokalitet 14

## Osa: Aust for Hjallane


Naturbase:	Ny lokalitet
UTM:	LN 830 187
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt (<10 %), F0105 Alm-lindeskog (10 %), F0106 Gråor-almeskog (>50 %), F0107 Or-askeskog (20 %)
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	24.06.2009, DH

### Lokalitetsomtale

Omtalen er skriven av Dag Holtan 02.01.2010, basert på eige feltarbeid 24.06.2009.

**Generelt:** Lokaliteten ligg i den sørvestvendte lia aust for Hjallane, i nedre del av Austdalen i Osa. Den er avgrensa av vegen mot Austdalen i nedkant, medan øvre grense følgjer omlag høgdenivået til øvre del av ei markert, berre delvis tresett rasvifte. Mot nordvest og søraust er grensene diffuse. Vegetasjonsgeografisk ligg lokaliteten i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen er fattig, hard og sur, med gneisbergartar.

**Vegetasjon:** Lokaliteten ligg under bratte berg på ei gammal rasvifte. Tørrbakkar og rasmark er vanleg i dei brattaste partia, med godt utvikla gråor-almeskog i nedkant av berge og innslag av or-askeskog (flaummark og kjelde) på dei flataste partia nedst. Hasselkratta er gamle og godt utvikla. Lauv- og kviststrø er svært utbreidd, med generelt gode innslag av liggande, død ved. Både lågurtskog og høgstaude- storbregneskog er representert. Av treslag kan nemnast alm (raudlista NT), ask, bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, lind, osp, rogn og selje, spreidd også sommareik på oppstikkande, tørre ryggar.



**Figur 12.** Øvre del av lok. 14 er prega av rasmark. Stadige ras, både av snø og stein, gir at skogen her får preg av kratt. Foto: Dag Holtan.

**Kulturpåverknad:** Her er innslag av styva tre, og særlig for alm og hengjebjørk er desse ofte grove, medan askestyvar generelt er av mindre dimensjonar. Det har også truleg vore beita i dei mest tilgjengelege delområda nedst.

*Artsfunn:* Av noterte karplanter var m.a. engtjæreblom, fingerstorr, kranskonvall, kvitbladtistel, kvitsoleie, liljekonvall, lodnebregne, lundgrønaks, myske, skogburkne, skogsalat, skogsvinerot, skogsvingel, storklokke, strutsveng, tannrot (som er regionalt lite vanleg) og ein litt kravfull orkidé som vårmarihand. Lungeneversamfunnet er sparsamt til stades, med blyhinnelav og lodnevrenge. Det føreligg eit gammalt funn (1951) av indigobarksopp *Pulcherricum caeruleum* (NT) frå området, men arten er ikkje registrert sidan.

*Verdivurdering:* Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi den er velutvikla, intakt og ganske artsrik. Potensialet for funn av sjeldsynte eller raudlista artar bundne til edellauvtre er lagt nok vekt på ved verdivurderinga.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane i lokaliteten er å unngå fysiske inngrep.

## Lokalitet 15 Austdal: Krossfjellet sør

Naturbase:	Ny lokalitet
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog, F07 Gammal lauvskog. Anna vegetasjon (open rasmark og krattskog) - 30%
Utforming:	F0106 Gråor-almeskog (60%), F0701 Gammalt ospeholt (10%)
Verdi:	Viktig - B
UTM:	LN 9429 1785
Kilder:	Lok. 4 i Gaarder (2008a) – feltarbeid 09.10.2008, Geir Flatabø (pers. medd.), D. Holtan – feltarbeid 24.06.2009

### Lokalitetsomtale

Omtalen er i hovudsak skreven av Geir Gaarder på grunnlag av feltarbeid 09.10.2008 og opplysningar frå Geir Flatabø. På grunnlag av feltarbeid 24.06.2009 er omtalen supplert av Dag Holtan, og lokaliteten er noko utvida mot vest i forhold til Gaarder sitt forslag til avgrensing.

*Generelt:* Lokalitetten ligg i nedre deler av Austdal, under Krossfjellet. Den omfattar nedre del av den bratte, skogklede, lisida som vender mot sør og sørvest. Lokalitetten grensar nokså skarpt mot berg, open rasmark og krattskog mot nord, elles er det meir gradvis overgang mot fattigare skog rundt. Eit område med mykje styva alm i sørvest er skilt ut som eigen lokalitet (D18 - haustingsskog). Berre dei nedre delane av lokalitetten vart oppsøkt i felt. Øvre del av lia/rasmarkane vart avstandsvurdert med kikkert.

*Vegetasjon:* Det meste av lokalitetten har godt utvikla gråor-almeskog med høgstaude-storbregnevegetasjon inkludert både større felt dominert av alm, eit ospeholt i austre del og dessutan meir blandingsskogsprega parti. Noko open rasmark og rasmarksbetina krattskog er inkludert i lokalitetten.


*Kulturpåverknad:* Tidlegare har det vore meir aktiv drift her, med styving av edellauvtre (mest alm), beiting og sikkert også vedhogst. Spora etter dette blir gradvis borte, slik at området i dag har karakter av middelaldrande til gammal naturskog. Anlegsvegen opp gjennom Austdal går i nedkant av lokalitetten.

*Artsfunn:* Av treslag, er det registrert alm (NT), noko selje, bjørk, hegg, gråor, rogn, hassel, lind (sparsamt) og i austre del også litt osp. Feltsjiktet inneheld typiske høgstauder som skogstjerneblom, stornesle, tyrihjelm, strutseveng, krattmjølke, hundekveke, og dei noko meir varmekjære artane myske og kratthumleblom. Holtan noterte i tillegg firblad, kranskonvall, kvitbladtistel, myskegras, junkerbregne, skogburkne, skogrøyrkvein, skogsvinerot, springfrø, storklokke, strandrøyr, trollbær, trollurt og villrips.

Lungenever-samfunnet er middels godt utvikla med m.a. kystnever, sølvnever, lungenever, grynfiltlav og blyhinnelav. På levande alm vart det fleire stader funne narrepiggssopp *Kavinia himantia* (NT), og på ein morken almelåg vart kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa* (VU) funnen (LN 9429 1785). I same område vart også almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (VU) funnen på almelåg. I ospeholtet vart stor ospeildkjuke *Phellinus populincola* observert på levande osp. Geir Flatabø (pers. medd.) oppgir funn av svovelkjuke *Laetiporus sulphureus* på alm frå Austdalen, ikkje usannsynleg innanfor denne lokaliteten.

**Verdibegrunnelse:** Lokaliteten blir vurdert som viktig (B) fordi det er snakk om ein ganske stor lokalitet med rimelig velutvikla almeskog, med fleire typiske og noko kravfulle artar. Tre raudlisteartar, deriblant to i høgare kategori kunne forsvar A-verdi, men dei aktuelle artane er ikkje blant dei mest uvanlege.

**Forslag til skjøtsel og omsyn:** Det beste for naturverdiane er å la miljøet få vere i fred.



**Figur 17.** Almedominert skog i stabilisert rasmark under Krossfjellet, lok. 15. Foto: Geir Gaarder.

**Lokalitet 16****Osafjorden: Tellskreda**

<b>Naturbase:</b>	Ny lokalitet
<b>UTM:</b>	LN 915 173
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0106 Gråor-almeskog
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2009, DH

**Lokalitetsomtale**

*Artsfunn:* Beitemarkene verkar ikkje særleg artsrike, men ein del typiske naturengplanter førekjem ganske utbreidd. Det er truleg og potensiale for beitemarkssopp. Av planter vart det notert m.a. bergfrue, blåklokke, bråtestorr, fjellmarikåpe, geitsvingel, gulaks, hestespeng, hårsvæve, knegras, kystmaure, legeveronika og stankstorkenebb. God førekomst av kystmaure framhevar det fuktige og noko oseaniske preget på marka. Berre ein grasmarkssopp vart påvist under besøket, den vanlege og lite kravfulle arten elfenbeinhette *Mycena flavoalba*. Det vart elles funne skoddelav *Menegazzia terebrata* (VU) på gråor langs elva (ca. LN 9284 1945) i kanten av beitemarka.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei middels stor, intakt naturbeitemark som framleis er i god hevd og med funn av fleire indikatorartar. Det er og eit lite potensial for raudlisteartar her.

*Omsyn og skjøtsel:* Naturverdiane er avhengige av at hevden i form av beite (evt. i kombinasjon med slått) vert oppretthalden. Beitetrykket bør vera minst like høgt som no i framtida, og kan nok også aukast litt utan at det skadar verdiane. Det vil vera behov for litt rydding av skog i kantsoner år om anna. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

## Lokalitet 174

## Austdalens Slåttestølen

Naturbase:	BN00049614
Posisjon:	LN 939 178
Naturtype:	D18 Haustingsskog
Utforming:	D1801 Haustingsskog med edellauvtre
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, hogst
Undersøkt/kjelder:	14.06.2008, GF & JBJ

### Områdeskildring

Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008, og hans undersøkingar tidlegare.

*Generelt:* Lokaliteten ligg eit stykke oppe i Austdalens inst i Osafjorden, i ei sørsvendt raspåverka skogli. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar og vegetasjon:* Naturtypen kan karakteriserast som haustingsskog, eller som rik edellauvskog. Det er ein steinet skog med styvingstre av alm (NT) og selje, og andre treslag som gråor, hegg og bjørk og busker som krossved og grønvier. Det vart registrert alm med stammediamter opp til ca. 0,6 meter i stammediameter. Undervegetasjonen er dels prega av høgstauder (gråor-almeskogsartar), men og av eit par meir varmekjære lågurt-artar som myske og vårerteknapp, og mosegrødd steinur. Det var og litt bregnevegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap med styvingstre som i dag har preg av skog. Det går ein gammal veg gjennom skogen som no er nokså lite synleg.

**Artsfunn:** Det vart m.a. notert følgjande kryptogamar: Lungenever *Lobaria pulmonaria*, glattvrenge *Nephroma bellum*, ryemose *Antitrichia curtipendula*, almeteppemose *Porella platyphylla* og putehårstjerne *Syntrichia ruralis*, men kryptogamfloraen er mangelfullt undersøkt. Av planter er det notert m.a. alm (NT), brunrot, engsnelle, hegg, hengjeaks, kranskonvall, kratthumleblom, krossved, kvitsoleie, lundrapp, myske, myskegras, skogstjerneblom, storklokke, strutsveng, trollbær, turt, tågebær og vårerteknapp.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein haustingsskog og edellauvskog med nokre mindre styvingstre og eit middels artsmangfald, og det er relativt lenge sidan styvinga opphøyte.

**Omsyn og skjøtsel:** Ein bør unngå hogst av styvingstrea. Det er ønskjeleg med framhald i styvinga, elles vil dette elementet forsvinna. Treslagskifte og fysiske inngrep bør unngåast.

Tillegg etter Gaarder (2008a):

Lungenever-samfunnet er svakt til middels godt utvikla med artar som puteglye, lungenever og grynpfiltlav. Narrepiggsopp *Kavinia himantia* (NT) vart registrert på ei alm omlag midt i lokaliteten (LN 9395 1784).

## Lokalitet 175

## Osafjorden sør for Melnes

<b>Naturbase:</b>	BN00049517
<b>Posisjon:</b>	LN 901 169
<b>Naturtype:</b>	D18 Haustingsskog
<b>Utforming:</b>	D1801 Haustingsskog med edellauvtre
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.06.2008, GF & JBJ

## Områdeskildring

Skildringa er skiven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008, og hans undersøkingar tidlegare.

**Generelt:** Lokaliteten ligg sør for Melnes på vestsida av Osafjorden, og grensar i nord til edellauvskogslokaliteten BN00000949, Øydvinstå - Osa. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

**Naturtypar og vegetasjon:** Det er ein steinet skog med styvingstre. Naturtypen kan karakteriserast som haustingsskog, men har også preg av edellauvskog. Det finst styvingstre av alm (NT) (opp til 70 cm stammediameter), lind (dels over 1 meter i stammediameter) og eik. Feltsjiktet har dels høgstauder, lågurtvegetasjon og bregner, men og mosegrødd steinur.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap med styvingstre som i dag dels har preg av skog. Det finst restar av eit geitefjøs, oppmura stigar, og har vore geitebeite tidlegare.

**Artsfunn:** Det vart m.a. notert følgjande kryptogamar: sølvnever *Lobaria amplissima*, lungenever *Lobaria pulmonaria*, kystnever *Lobaria virens*, gulband *Metzgeria furcata*, almebroddsopp *Hymenochaete ulmicola* og almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (VU). Av planter er det notert m.a. blankstorkenebb (NT), engtjærebblom og myske.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein haustingsskog med enkelte store styvingstre og fleire kravfulle artar og tre raudlisteartar. Det er potensiale for fleire kravfulle og raudlista artar, og betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå hogst av styvingstrea. Det er ønskjeleg med framhald i styvinga, elles vil dette elementet forsvinna.

## Lokalitet 176      Ljono nedre

Naturbase:	BN00049606
Posisjon:	LN 8678 1753
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Djønne (2005), 14.06.2008, GF & JBJ

### Områdeskildring

Skildringa er skiven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på Djønne (2005) og eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008.

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øverkant av vegen nedanfor Ljono i Ulvik. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar og vegetasjon:* Lokaliteten er ei slåttemark i ein sør vendt bakke. Viktigaste vegetasjonstype er frisk fattigeng (G4) med ein del gulaks, raudsvingel, raudkløver, firkantperikum, prestekrage og stadvis noko blåbær. Firkantperikum og blåbær er attgroingsindikatorar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vert slått på seinsommaren. Det vart i 2008 også sett sauelort.

*Artsfunn:* Av planter vart det notert m.a. ask, blåkoll, blåknapp, enghumleblom, engkarse, engknoppurt, engtjæreblom, gjeldkarve, harerug, hassel, hegg, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kvitmaure, lundrapp, markfrytle, markjordbær, maurarve, prestekrage, raud jonsokblom, raudknapp, smalkjempe, storblåfjør, tiriltunge, villeple og åkerminneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt for beitemarkssopp, men har truleg eit visst potensiale.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei av svært få intakte og artsrike tradisjonelle slåttemarker i Hordaland. Det er potensiale for beitemarkssopp, og dette bør undersøkast seinare.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsfording og fysiske inngrep.

**Lokalitet 177****Ljono øvre**

<b>Naturbase:</b>	BN00000936
<b>Posisjon:</b>	LN 6989 1761
<b>Naturtype:</b>	D04 Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 Frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Djønne (2005), 14.06.2008, GF & JBJ

**Områdeskildring**

Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på Djønne (2005) og eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008.

*Generelt:* Lokaliteten ligg ovanfor vegen nedanfor Ljono i Ulvik. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar og vegetasjon:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med innslag av ask som dels var nyleg styva. Viktigaste vegetasjonstype er ei utforming av frisk fattigeng (G4) der artar som gulaks, engkvein og raudsvingel var viktige, og med enkelte tørketolandende planter.

*Kulturfåverknad:* Lokaliteten vert slått på seinsommaren og beita av sau vår og haust, og er truleg litt gjødsla på større grasflekkar.

*Artsfunn:* Av planter er det funne m.a. ask, augnetrøst-art, bakkeminneblom (Djønne 2005), blåklokke, blåkoll, engkarse, engknoppurt, gjeldkarve, gulskolm, haremat, hassel, hårvæve, karve, kjertelaugnetrøst, kratthumleblom, prestekrage, raud jonsokblom og tiriltunge. Lokaliteten er ikkje undersøkt for beitemarkssopp, men har truleg eit visst potensiale.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med funn av fleire indikatorartar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsfording og fysiske inngrep.

**Lokalitet 178****Sponheim (store gamle tre)**

<b>Naturbase:</b>	BN00049605
<b>Posisjon:</b>	LN 846 161
<b>Naturtype:</b>	D12 Store gamle tre
<b>Utforming:</b>	D1202 Skjøtta/styva
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Fysiske inngrep, hogst, forureining
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.06.2008, GF & JBJ

**Områdeskildring**

Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008, og hans undersøkingar tidlegare.

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Sponheim (gnr/bnr 66/4) i vestre del av Ulvik. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar og vegetasjon:* Området består av hagemark og skogsbeite med store, gamle, dels styva tre. Som naturtype er velt store gamle tre sidan det er desse som er mest interessante. Treslag som har enkelte store tre er m.a. alm (NT), ask, eik og

bjørk. Elles førekjem hassel. Feltsjiktet består i stor grad av ei gjødsla utforming frisk fattigeng (G4) som ikkje er særleg artsrik.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap med styvingstre og beite.

**Artsfunn:** Det vart på styva alm m.a. notert almelav *Gyalecta ulmi* (NT), skrukkeøre *Auricularia mesenterica*, almebroddsopp *Hymenochaete ulmicola* og narrepiggssopp *Kavinia himantia* (NT). Kryptogamfloraen bør undersøkast nærmare.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit område med store tre med enkelte interessante kryptogamar. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare

**Omsyn og skjøtsel:** Dei store trea bør stå så lenge som muleg, helst til dei ramlar av seg sjølv. Dei er viktige substrat for kryptogamar som dels er sjeldne. Det er ønskjeleg med framhald i styvinga av dei trea som har vore styva tidlegare, og anlegg av nye styvingstre. Beitinga bør halda fram.

## Lokalitet 179

### Vedånesbekken (haustingsskog)

Naturbase:	BN00049518
Posisjon:	LN 847 094
Naturtype:	D18 Haustingsskog
Utforming:	D1801 Haustingsskog med edellauvtre
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, hogst
Undersøkt/kjelder:	14.06.2008, GF & JBJ

#### Områdeskildring

Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008, og hans undersøkingar tidlegare.

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved Vedåni og Vedåneset eit stykke ute i Osafjorden rundt 7 km sør for Ulvik, i ei aust- og søraustvendt li. Det er ein steinet skog med styvingstre. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

**Naturtypar og vegetasjon:** Naturtypen kan karakteriserast som haustingsskog med styvingstre av ask og alm (NT), men styvinga har opphørt for relativt lenge sidan. Det vart registrert minst 15 styva ask med diameter stort sett rundt 0,5 m, men ei med diameter 1,5 m vart også funne. Fleire større almetre var 1-1,5 meter i diameter, og nokre av desse var innhole. Dessutan vart det funne fleire digre lindetre og noko hassel. Feltsjiktet er dominert av lågurter, høgstauder og bregner, men og av mosegrødd steinur.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er eit gammalt kulturlandskap med styvingstre som i dag har preg av skog. Det har truleg vore mykje opnare før, men gror no att med ung ask.

**Artsfunn:** Lokaliteten har ein del edellauvskogsplanter og kryptogamar tilknytt gamle edellauvtre. Det vart m.a. notert følgjande kryptogamar på styvingstrea: skjelglye *Collema flaccidum*, vanleg blåfiltlav *Degelia plumbea*, kystnever *Lobaria virens*, glattvrenge *Nephroma bellum*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum*, almebroddsopp *Hymenochaete ulmicola* og narrepiggssopp *Kavinia himantia* (NT). Av planter er det notert m.a. junkerbregne, kratthumleblom, lundrapp, myske, skogsvingel og trollurt.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein haustingsskog som ikkje lenger vert styva, med fleire grove styvingstre og enkelte

kryptogamar, men berre ein av desse står på raudlista. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå hogst av styvingstrea. Det er ønskjeleg med framhald i styvinga, elles vil dette elementet forsvinna.

## Lokalitet 180

### Iskaia

Naturbase:	BN00049519
Posisjon:	LN 8452 0882
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyre av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	14.06.2008, GF & JBJ

### Områdeskildring

Skildringa er skiven av John Bjarne Jordal 22.04.2009 basert på eige feltarbeid saman med Geir Flatabø 14.06.2008, og hans undersøkingar tidlegare.

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved sjøen ved Iskaia, sør for Vedåneset eit stykke ute i Osafjorden 7-8 km sør for Ulvik, delvis på grunnlendte, søraustvendte strandberg. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseansk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar og vegetasjon:* Lokaliteten er ei naturbeitemark med ein del bergknausar på strandberg. Det er forbusking med ask og hassel mm. Viktigaste vegetasjonstypar er bergknausar (F3) med tørrbergartar (som tidlegare har vakse i et opnare beitelandskap) og frisk fattigeng (G4) med innslag av ein del tørrengartar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av sau inntil for nokre få år sidan, men gror no sakte att. Det ligg ei hytte nær sjøen.

*Artsfunn:* Lokaliteten er middels artsrik, og representerer truleg ein rest av ein tørreng- og tørrbergtype som det har vore meir av i området, men som no er i ferd med å forsvinna. Av planter vart det notert m.a. bitterbergknapp, gjeldkarve, gulmaure, hårvæve, knegras, kvitbergknapp, lintorskemunn, lodnebregne, markjordbær, nyresoleie, prestekrage, raudknapp, rognosal, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom, strandsmelle, svartburkne, sølvture, tiriltunge og vårskrinneblom. Det har tidlegare vore funne lodnefaks og tranehals (kjelde: Geir Flatabø). Det vart elles m.a. notert labbmose *Rhytidium rugosum*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, grunnlendt og berglendt naturbeitemark som no ikkje lenger vert beita, med funn av mange tørreng- og tørrbergartar. Utan skjøtsel vil artane gradvis forsvinna og verdien bli lågare.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsføring og fysiske inngrep.

### **3.5 Lokalitetar etter Djønne (2005)**

Fleire av Djønne (2005) sine lokalitetar vart ikkje nærmare undersøkte i 2009, då det først og fremst vart prioritert undersøking av skogsmiljø. For ein lokalitet har det kome inn tilleggsopplysningar (Geir Flatabø pers. medd.) og ein annan lett tilgjengeleg lokalitet vart raskt undersøkt i 2009. Her er nye opplysningar lagt til Djønne sine lokalitetsomtalar. Djønne sitt lokalitetsnummer er beholdt.

#### **Lokalitet 21 Midtfjell-Disk**

<b>Naturbase:</b>	BN00000953
<b>Naturtype:</b>	C01 Kalkrike område i fjellet
<b>Verdi:</b>	Viktig (B)

*Djønne (2005):*

I ei sørvestdalside mellom 1000 og 1100 m o.h. veks ein velutvikla bestand av kalkkrevjande heivegetasjon. Reinrose er ofte dominerande, og ellers inngår artar som: rynkevier, hårstarr, bergstarr, fjellkattefot, setermjelt, bakkesøte (raudlista NT), fjellnøkleblom (NT), flekkmure, raudsildre, fjellsmelle, bergveronika og labbmose. På Vestlandet opptrer slike samfunn sjeldan. Området vert av Odland (1982) framheva som eit av dei mest interessante botaniske tilfella i området.

*Dag Holtan 2010:*

Etter munnlege opplysningar frå Geir Flatabø 29.06.2009 veks her i tillegg brudespore (raudlista NT), fjellkveke (bisentrisk art), knoppsildre, marinøkkel (NT), truleg moskusurt og snøsøte. Om det er rett at også lappaugnetrøyst veks her er det i så fall ny vestgrense for denne bisentriske arten som er sjeldan sørpå. Av sopp er her funne mogleg kalktraksopp *Clitocybe cf. bresadoliana* (NT).

*Verdivurdering:* Området er ganske stort, men avgrensinga truleg noko grov. Raudlisteartar av høgare kategori manglar. På grunnlag av dette blir verdien vurdert som viktig (B). Om det kjem til nye undersøkingar bør ein også leite etter sjeldsynte eller raudlista soppar, då mange slike trivst i sørreksponerte, kalkrike rasmarker.

#### **Lokalitet 42 Bergoberget**

<b>Naturbase:</b>	BN00000943
<b>Naturtype:</b>	F01 Rik edellauvskog
<b>Utforming:</b>	F0103 Rike hasselkratt mm.
<b>Verdi:</b>	Viktig (B)

*Djønne (2005):*

Sørvestdalskog nordvest for Ulvik sentrum. Frodig alm-lindeskog med eit artsrikt feltsjikt. Her veks artar som mellom anna bergperikum, dvergmispel, rublom, stavklokke, myske, kung, nattfiol, gulsildre og grønbukne.

*Dag Holtan 2010:*

Dei brattaste delane heilt aust i lokaliteten vart undersøkt 24.06.2009, men berre langs vegen på sørssida av området. Avgrensinga er justert i høve til Djønne (2005).

På grunn av den lettøyselege fylliten i berggrunnen har denne delen preg av rasmark, eller helst kalkrike sørberg med rik edellauvskog. Hasselkratta her kan vere godt utvikla, med rik lågurtvegetasjon og overgangar mot høgstaudestorbregneskog i samband med vekselfuktige sig. Alm (raudlista NT), ask, hengjebjørk og grov osp er andre viktige treslag. Feltsjiktet er jamt over artsrikt, med artar som bergfrue, bergmynte, bergperikum, dvergmispel, engknoppurt, kantkonvall, lodnerublom, myske, prestekrage, prikkperikum, skogsalat, skogsvinerot, stavklokke (raudlista NT, her med to delbestandar, LM 84905, 17013 og 84989, 17140), taggbregne og vassmynte (i grøft). Framande artar er i alle fall (japan?)pestrot, kjempespringfrø, moskuskattost, platanlønn og svalestjert.

*Verdivurdering:* Verdien blir vurdert som viktig (B) fordi det er snakk om ein ikkje særeleg gammal, men likevel godt utvikla og ganske artsrik edellauvskog med innslag av kalkrike sørberg. Potensialet for funn av sjeldsynte eller raudlista soppar blir vurdert som stort og funn av slike vil kunne auke verdien av lokaliteten. Framande artar bør fjernast.

## 4 Raudlisteartar

### 4.1 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekommst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av ArtsDatabanken. Den siste kom i 2006 (Kålås m.fl. 2006) og er basert på kjent kunnskap om ca. 18 500 artar innafor ulike artsgrupper. I overkant av 20 % av desse artane er ført opp på raudlista. Mange av opplysingane under er elles henta frå <http://www.artsdata.artsdatabanken.no> (særleg karplanter), <http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/> og <http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/>. Ny raudliste kjem allereie i 2010.

Raudlistekategoriar: **NT** = nær truga, **VU** = sårbar, **EN** = sterkt truga, **CR** = kritisk truga og **DD** = därleg datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar visast det til Kålås m.fl. (2006).

### 4.2 Raudlisteartar i Ulvik

#### 4.2.1 Sopp

62 raudlista soppar er så langt kjent frå Ulvik. Dette er eit bra høgt tal, likevel kan det aukast ved meir systematiske undersøkingar. Særleg vert potensialet for fleire funn i rik edellauvskog vurdert som stort, der rike hasselkratt, alm-lindeskog og lågurt-eikeskog er mest aktuelle naturtypar. Også i intakte og tradisjonelt drivne kulturlandskap bør det finnast fleire artar. Det same gjeld for vedbuande artar. Særleg er Geir Flatabø aktiv når det gjeld kartlegging og stadfesting av sjeldsynte artar. Opplysningar om eldre funn er frå NorskSoppDatabase (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/index.html>).

- 1) Oreflugesopp *Amanita friabilis* (VU) vart funnen i 2005 i Døgersdalen, i bjørkeskog med gråor. Arten bør finnast i fleire oreskogar i heradet.
- 2) *Amylocorticium subsulphureum* (DD) er ein lite kjent barksopp som vart funnen på furu ved Finse i 1982.
- 3) Krittkjuke *Antrodia crassa* (CR) er ein svært sjeldsynt, vedbuande art som oftast veks på furulæger. Det mogelege funnet i Ulvik er frå Døgro i 2003.
- 4) Begerfingersopp *Artomyces pyxidatus* (NT) veks på nedbrotne delar av osp, og er ein typeart for gamle ospeskogar. Funna i Ulvik er frå Brimmedalen og Vestrheim (2003 og 2006).
- 5) *Athelopsis lunata* (DD) er ein lite kjent barksopp som vart funnen på morken barved ved Vambheim gard tilbake i 1950.
- 6) Lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (NT) veks gjerne i furuskog, ofte i kalkskog eller mineralrik skog, og er funnen ved Drevsjø, Stokkavatn og Åsen.
- 7) Knippesøtpigg *Bankera violascens* (NT) er granskogsarten mellom søtpiggane, og er funnen i ei gammal granplanting ved Åsen. Dette er ein art som er nokså rask med å kolonisere granplantingar vestpå (i utgangspunktet er arten litt austleg i utbreiinga si).
- 8) Oransje blodrørsopp *Boletus queletii* (DD) er truleg sjeldsynt, med få sikre funn i Noreg, og er gjerne assosier med lågurt-eikeskog. Det eine funnet i Ulvik er frå blandingskog ved Rondetveit.
- 9) Ametystkantarell *Cantharellus amethysteus* (NT) veks gjerne i rike hasselkratt, og er funnen ved Bruravik, Nesheim, Vallavik og Torgilsberget.
- 10) *Ceriporia exelsa* (NT) er ein vedbuande poresopp som vart funnen av Geir Gaarder på ein almelåg ved Norddøla i 2008.
- 11) Furuplett *Chaetodermella luna* (NT) er ein vedbuande art som er funnen på furu ved Finse i perioden 1979-1982.



**Figur 25.** Ametystkantarell (9) er ein vakker, sørleg art, med tyngdepunkt i hassel- og lindeskog. Foto: Perry Larsen.

- 12) Kalktraktsopp *Clitocybe cf. bresadoliana* (NT) vart *kanskje* funnen i 2007, i kalkrik rasmrk med reinrose (ved Disk, Midtfjell).
- 13) Hardingslørsopp *Cortinarius argenteolilacinus* (VU) er ein ganske sjeldsynt slørsopp som er bunden til rik edellauvskog, og førebels er den berre funnen ved Bruravik (2005).
- 14) Barstrøslørsopp *C. fraudulosus* (NT) er helst ein granskogsart, med eitt funn i lågurtgranskog ved Åsen (2005).
- 15) Lappslørsopp *C. lapponicus* (VU) er også helst ein granskogsart, med eit *møgleg* funn på Åsenhalvøya i 2003.
- 16) Kvit melslørsopp *C. lustratus* (VU) er enda ein art assosiert med gran (men òg furu), og det er i alt fem funn frå Åsenhalvøya.
- 17) Kjempeslørsopp *C. praestans* (VU) er funnen i naturreservatet ved Bruravik og Vedåni. Den veks i rike edellauvskogar.
- 18) Blå slimslørsopp *C. salor* (VU) kan vekse i ulike skogtyper, og er ein av mange raudlista soppar som er funne ved Tranemyr/Åsenhalvøya.
- 19) *Cortinarius serratissimus* (NT) veks helst i edellauvskog, og er funnen eit par gonger ved Brimmedalen.
- 20) Svartnande trompetsopp *Craterellus melanoxeros* (NT) er karakteristisk for rike, gamle hasselkratt, og er ein typisk "Vestlandsart". Det er fleire funn i slike miljø i heradet.
- 21) Hornskinn *Crustoderma corneum* (NT) er ein barksopp bunden til læger av bartre, og er funnen ved Finse i 1982.
- 22) Grå dufraudskivesopp *Entoloma ameoides* (NT) er ein beitemarkssopp som *kan hende* vart funnen ved Torblålia (grasmark i lauvskog) i 2004.
- 23) *E. pratulense* (NT) høyrer òg til beitemarkssoppane, med eit usikkert funn frå 1980 (Nordnuten ved Finse).
- 24) *E. turci* (NT) er ein beitemarksopp som vart funnen ved Finse i 1981 og 1983.
- 25) Svart tvillingbeger *Holwaya mucida* (NT) er bunden til gamle læger av lind, og er overraskande nok berre funnen ein gong, ved Furebergsneset i 2004.
- 26) Gyllen vokssopp *Hygrocybe aurantiosplendens* (NT) er ein kalkrevande beitemarkssopp som er funnen i tørreng ved Ljono i 2003.
- 27) *H. calciphila* er ein kalkrevande beitemarkssopp som er funnen ved Kyrkjehaugen, Vambheiselva, på kalkgrus i 2008.
- 28) Flammevokssopp er òg ein kravfull og sjeldsynt beitemarkssopp, med eitt funn i heradet, i lågurtskog ved Nesheim (2007).
- 29) Hasselvokssopp *Hygrophorus lindtneri* (EN) er mellom dei sjeldnaste av skogvokssoppane, med eit *møgleg* funn ved Vedåni i 2006. Den er bunden til rik edellauvskog med hassel.
- 30) Kremlevokssopp *H. russula* (NT) veks gjerne med eik i lundar eller rike eikeskogar, og er i Ulvik funnen under eik ved Nesheim.
- 31) Almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (VU) er bunden til rotne delar av alm, gjerne på attsittande eller nedfalne greiner, og det er fleire funn i Ulvik. Det er møgleg at den er for vanleg til å høyre heime i raudlista.
- 32) Narrepiggssopp *Kavinia himantia* (NT) veks ofte på den mosegrødde stammen av gamle almetre, men òg på andre treslag. Alle funna i Ulvik er på alm.

- 33) Duftsvovelriske *L. citriolens* (NT) er ei stor, vakker og velduftande riske som helst veks i rik edellauvskog med bjørk og hassel. Funnet i Ulvik (Stokkavatn 2001) er frå granplanting med bjørk.
- 34) Dysterriske *L. luridus* (NT) er nok ein edellauvskogsart, og denne er funnen ved Staursneset i Osafjorden i 2005.
- 35) Bleik svovelriske *L. resimus* (NT) er bunden til kalkfuruskog, og er funnen i slike miljø ved Djupavika i Eidfjorden, på grensa mot Ullensvang herad, i 2006 og 2008.
- 36) Kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa* (VU) veks på mørkne lautrelæger, ofte i litt fuktige miljø. Funnet i Ulvik er ved Kyrelva ved Osa (2008).
- 37) Rosaskiva traktmusserong *Leucopaxillus rhodoleucus* (VU) er ein art som veks i rik edellauvskog, med eitt funn ved Brimmedalen (2004).
- 38) Grånande seigsopp *Marasmius wynnei* (NT) veks gjerne på lauvstrø i rik edellauvskog. Funnet i Ulvik er frå Torgilsberget. Truleg finst den på lauvstrø mange andre stader.
- 39) Dvergstanksopp *Mutinus caninus* (NT) veks ofte i rike hasselkratt, og er funnen ved Ryggevika og Vedåna (2001, 2006 og 2007).
- 40) Lundhette *Mycena pelianthina* (VU) veks ofte i gråor-almskog, og er funnen i eit slikt miljø ved Vedåni, i 2007.



**Figur 26.** Grånande seigsopp (38) veks på lauvstrø i rik edellauvskog, og det er overraskende at det til no berre er eitt funn frå Ulvik. Foto: Dag Holtan.

- 41) Vinterhette *M. tintinnabulum* (NT) er avvikande i den forstand at den kjem seint på vinteren eller om våren (av og til også seint på hausten), oftast i rike hasselkratt. Funnet i Ulvik er gammalt (1950) og vart gjort ved Vambheim,

paradoksalt nok i september. Soppdatabasen (NMD) har derfor haka funnet av som usikkert.

- 42) *Oligoporus undosus* (VU) er ein vedbuande poresopp som gjerne veks på morkne furulæger. Det mulege funnet i Ulvik er på furulåg ved Øydvinstad i 2006.
- 43) Lodnesølvpigg *Phelodon confluens* (NT) er ein edellauvskogsart med eit tyngdepunkt på sørvestlandet. Eitt funn i heradet, ved Øydvinstad i 2006.
- 44) *Phlebia firma* (DD) er ein lite kjent barksopp som veks på læger, helst på barved. Funnet er gammalt, frå Hjeltnes i 1950.
- 45) *P. tristis* (DD) er også ein lite kjent barksopp som veks på læger, som er funnen på eit snøgjerde ved Finse i 1979.
- 46) *Polyporus badius* (VU) er ei grovpora, lita kjuke som veks på greiner av alm eller gråor m.v. Det er eit muleg funn ved Torsteinshaug i 2003.
- 47) Knollstilkjkjuke *P. tuberaster* (NT) veks gjerne på almetre, og er funnen fleire stader i heradet mellom 1999 og 2007.
- 48) Skjermkjuke *P. umbellatus* (VU) er også ein vedbuande art, og veks gjerne med hassel eller eik osb. Det eine funnet i Ulvik er ved Vedåna i 2007.
- 49) Falsk brunskrubb *Porphyrellus porphyrosporus* (NT) er ein typisk "Vestlandsart" som i hovudsak er bunden til rike hasselkratt. Overraskande nok er det berre eitt funn i heradet, ved Bruravik i 2007. Dette er ein art som bør finnast i fleire av dei rike edellauvskogane.
- 50) Narremyldrehatt *Pseudobaeospora pillodii* (NT) kan vekse i alpine engsamfunn, og er funnen ein slik stad ved Finse i 1981.
- 51) Indigobarksopp *Pulcherricum caeruleum* (NT) er sjeldan i Noreg, og har sitt kjerneområde i indre til midtre delar av Sognefjorden, men finst sør til Rogaland. Den er lett kjenneleg på sin vakre indigo farge, og burde ikkje vere mykje oversett. I Ulvik er det to gamle funn frå den solrike liene ved Osa, frå 1950 og 1951. Det er ikkje usannsynleg at desse er gått ut, sidan landskapet har endra seg mykje på dei 59 åra som har gått sidan funna vart gjort.
- 52) Raudtuppsopp *Ramaria botrytis* (NT) er ein stor og vakker korallsopp som veks i rik edellauvskog (kan hende også i furuskog). Nokså mange funn i Ulvik i slike miljø.
- 53) *R. fagitorum* (EN) er mellom dei sjeldnaste av korallsoppane, og er funne på ei solvarm berghylle i Osafjorden med furu og bjørk i 2007.
- 54) Gråsvart kremle *Russula albonigra* (NT) veks oftast i rik edellauvskog, og er funnen i slike skogar fleire stader i heradet.
- 55) Drueblå kremle *R. azurea* (NT) kan vokse både med hassel i rik edellauvskog, eller i rik furuskog. Dei to funna i Ulvik er gamle, ved Vambheim i 1950
- 56) Besk storpigg *Sarcodon scabrosus* (VU) veks både i rik og fattig furuskog og i rik edellauvskog, og det er usikkert om det er same artane (truleg ein for kvar skogtype). Den veks oftast i gammal skog, og er funnen ved Kammen (2005) og Stokkavatnet (2008) (furu-eikeskog, og furuskog på morenegrus).
- 57) Skumkjuke *Spongipellis spumeus* (EN) er ein svært sjeldsynt art som veks på ulike edellauvtre. Funnen på ei gammal styringsalm i Norddal i 1987 (G. Falatabø) og i 2008 (G. Gaarder) på same tre, og på lindelåg ved Vedåna i 2007 (G. Flatabø).

- 58) Skjelrørsopp *Strobilomyces strobilaceus* (EN) er ein svært sjeldsynt art som veks i middels rik til rik edellauvskog, og er funnen tre-fire stader frå Bruravik til Tymbergili. Opphopninga her er mellom dei viktigaste nasjonalt.
- 59) Haustmukkjuke *Trechispora candidissima* (DD) er ein lite kjent bartreart som er funnen ved hagebrukskolen på Hjeltnes i 1950, på ein type gran.
- 60) Svartspetta musserong *Tricholoma atrosquamosum* (NT) er ein kravfull art som både veks i rike hasselkratt og kalkfuruskog. Den er funnen ved Staursnes og Vedåna.
- 61) Oransjemusserong *T. aurantium* (NT) er ein barskogsart som er svært sjeldsynt vestpå. Den er funnen mellom Rondestveit og Torsteinshaug i 2001.
- 62) Eplekjuk *Tyromyces fissilis* (EN) veks på ulike lauvtre, ofte frukttre. To funn i Ulvik, kor det ved Vombevika i 2006 er sikkert.



**Figur 27.** Skjelrørsopp (58) er ein nasjonalt svært sjeldsynt art, med bra opphoping i Ulvik. Foto: Dag Holtan.

#### **4.2.2 Lav**

Så langt er det funne berre 6 raudlista lavartar i Ulvik. Dei er knytte til skog med lang kontinuitet, og til berg og blokkmark over skoggrensa. Funna er henta frå Norsk LavDatabase - NLD (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/index.html>). Lista pregast av at det har vore få eller ingen undersøkingar for denne organismegruppa, så her er det ein jobb å gjere.

- 1) Kort trollskjegg *Bryoria bicolor* (NT) veks gjerne på høge, lysopne bergveggar eller på grove blokker. Det eine funnet er frå ei grov blokk ved Finse i 1989.
- 2) Hodeskoddelav *Menegazzia terebrata* (VU) er ein oseanisk art som veks på skyggefulle berg eller trestammar. Det einaste funnet i Ulvik til nå er frå Osadalen i 2008 (Geir Gaarder pers. medd.).
- 3) Sprikjeskjegg *B. nadvornikiana* (NT) har ein liknande økologi som kort trollskjegg, og også denne er funnen ved Finse (1974).
- 4) Almelav *Gyalecta ulmi* (NT) er også ein skorpelav som i regelen veks på gamle askar eller almar. Det eine funnet i Ulvik er på ask, frå 1990, utan andre opplysningar om funnstad enn at det er frå Ulvik, Ulvik. Arten bør heilt klart finnast kanskje særleg på gamle styvingstre.
- 5) *Protoblastenia terricola* (VU) er ein jordbuande art, lite kjent, og vart funnen i fjellet ved Finse i 2006.
- 6) Kystdoggnål *Sclerophora peronella* (NT) veks på gamle lauvtre, og er førebels berre funnen innanfor Osa.

#### **4.2.3 Mosar**

4 raudlista mosar er kjent frå Ulvik. Alle opplysningane om desse er henta frå Norsk MoseDatabase - NBD (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/mose/index.html>). Som i dei fleste norske kommunar ber funna preg av at kompetansen på denne artsgruppa har vore, og er, mangelfull. Dette er ei krevjande gruppe å arbeide med.

- 1) Broddhutremose *Marsupella spiniloba* (DD) er berre funnen ”ved Blåisen, Pionérsamfund på toppen af 1750 morænen” i 1985.
- 2) Sigdkismose *Mielichhoferia mielichhoferiana* (VU) vart funnen ved Nordnuten ved Finse i 1980, og det er i grunnen alt ein veit om arten.
- 3) Raknikke *Pohlia erecta* (EN) står oppført med ein to funn ved Finse (1902 og 1956, truleg ved snøleie).
- 4) Øreblygmose *Seligeria subimmersa* (EN) vart funnen på ei kalksteinblokk aust for Storhaugen innanfor Osa i 2008. Dette er ein kalkkrevande art som veks i fuktige miljø, og funnet er det einaste i Sør-Noreg (Geir Gaarder pers. medd.). Arten er elles svært sjeldsynt nordpå og i den svenske fjellheimen.

#### 4.2.4 Karplanter

Det ligg føre opplysningar om 22 raudlista karplanter i Ulvik. Under følgjer ein alfabetisk gjennomgang av desse, med oversikt over funn og status i heradet. Eit generelt problem ved mange eldre funn er vantande eller upresis stadfesting. Dei fleste funna er frå Artsdatabanken (<http://www.artskart.artsdatabanken.no>). Mange av fjellplantane er førde til statusen NT (nær truga), ut frå førestillinga om at klimaendringane vil endre levevilkåra deira på ein negativ måte.

- 1) Alm *Ulmus glabra* (NT) er vanleg over store deler av Ulvik, mest i rike og soleksponerte lier. Grunnen til den nye raudlistestatusen er almesjuka (ein sopp) og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 2) Bakkesøte *Gentiana campestris* (NT) har vid utbreiing i fjellområde, på rike strandberg og i tradisjonelt drive kulturlandskap. Det er ein del eldre funn i dei rike fjellområda i Ulvik, og det er vel her og i rik, lysope rasmark det er størst sjanse for at den framleis kan finnast.
- 3) Blankstorkenebb *Geranium lucidum* (NT) er ofte knytt til blokkmark i dels skuggefull edellauvskog, gjerne almeskog. Dei einaste funna i Ulvik er frå området i rasmarkene midt i Osafjorden (solsida), og her vaks den også i 2009.
- 4) Brudespole *Gymnadenia conopsea* (NT) er ein relativt kravfull orkidé som gjerne veks i rikmyr, kalkrik beitemark eller rasmark og i kalkrike fjellområde. Den veks nok framleis i slike lokalitetar, men truleg spreidd og mest vanleg over skoggrensa.
- 5) Dvergsyre *Koenigia islandica* (NT) veks på berr, våt jord og ved kalkkjelder i høgfjellet, og er funnen nokre gonger i austfjella.
- 6) Fjellmarinøkkel *Botrychium boreale* (NT) er ein småbregne som tidlegare er funnen i fjellområda, helst aust i heradet. Det er ikkje alltid at den veks i kalkrike område, og den er oftast fåtalig og sjeldan.
- 7) Fjellnøkleblom *Primula scandinavica* (NT) kjem tidleg om våren, og kan derfor vere noko oversett. Den veks gjerne i kalkrike enger eller rasmarker i fjellet, og bør framleis finnast i slike miljø over skoggrensa.
- 8) Grannsildre *Saxifraga tenuis* (NT) veks i seine, våte snøleie, oftast i skugge, og er framleis utbreidd i den norske fjellheimen. Det er fleire funn i Ulvik i slike miljø.
- 9) Gåsefot *Asperugo procumbens* (VU) er truleg eit innført ugras på gardstun og skrotemark osb., og veks i naturen gjerne på tangvollar eller sauehellerar, alltid i nitrogenrike miljø. Funna i Ulvik er frå 1905, ved Skeie mølle.
- 10) Handmarinøkkel *Botrychium lanceolatum* (EN) veks i fjellet på tradisjonelt drivne setervollar, langs vegkantar eller i rasmark, alltid på sandhaldig og baserik jord. Funna i Ulvik er no gamle (1946 og 1952), og er frå Finse og ved Grøndalsvatnet.
- 11) Hengjepiggfrø *Lappula deflexa* (NT) er ein litt austleg art som veks på tørrbakkar, i berg og rasmark, mest på baserik eller nitrogenrik grunn. Funna i Ulvik har etter kvart blitt gamle, og er frå Kongsberget og Skruselva på 1950-talet.

- 12) Huldregras *Cinna latifolia* (NT) er ein ganske lett kjenneleg type gras, med svært breie blad. Arten er austleg, og veks gjerne i skuggefull ore- og almeskog. Den er funnen på austsida av Osafjorden.
- 13) Issoleie *Beckwithia glacialis* (NT) veks ved fattige snøleie, og er vel truleg framleis nokså vanleg i slike miljø i fjellet. Trugsmål er attgroing grunna eit varmare klima.
- 14) Jøkulstorr *Carex rufina* (NT) veks gjerne ved fattige snøleie, og er tidlegare funnen mange stader i fjella i Ulvik. Same trugsmål for denne som for issoleie.
- 15) Kviturle *Pseudorchis albida* (VU) er ein sjeldan og kravfull orkidé. I låglandet er den gjerne knytt til rik naturbeitemark og slåttemark, men den finst også i kantar av rikmyr, i rik fjellbjørkeskog og i rik rasmark. I Ulvik er det nokre få funn mellom 1941 og 1954. Ein skal også vere merksam på at den lett kan forvekslast med fjellkviturle *Pseudorchis alpina*, som i regelen veks på kalkgrunn.
- 16) Marinøkkel *Botrycium lunaria* (NT) veks både i fjellenger og i tradisjonelt drive kulturlandskap, og har gått sterkt tilbake særleg i låglandet. Det føreligg ein del eldre funn i spreidd i heradet. Arten bør framleis kunne finnast på intakt slåtte- eller beitemark, men helst i rike fjellområde. I låglandet er det kjent ein førekommst ved grendahuset ved Hallanger (intakt i 2009).
- 17) Småsøte *Comastoma tenellum* (NT) er ei fjellplante som veks i lågurtvegetasjon i høgda. For denne er det mange gamle funn.
- 18) Snøgras *Phippsia algida* (NT) veks på seine, våte snøleie i høgfjellet, og er funnen nokre gongar i fjella aust i heradet.
- 19) Stavklokke *Campanula cervicaria* (NT) er ein relativt storvaksen art som trivst i varme skogkantar. Arten er litt merkeleg på den måten at den kan forsvinne brått, for like overraskande å dukke opp igjen. Truleg er den litt skjøtselsavhengig. Jordras og steinsprang skapar naturleg lysopne og gode veksttilhøve, og slått av vegkantar kan ha den same effekten. Funna i Ulvik (intakt i 2009) er ved Bergoberga, langs vegen, og er kanskje truga av frammarsjen til ein ”invasjonsart” som kjempespringfrø.
- 20) Søterot *Gentiana purpurea* (NT) har hatt sterkt tilbakegang i nyare tid, truleg fordi den tidlegare var utnytta, men det er teikn på at arten igjen er i framgang. Arten veks ofte omkring skoggrensa, ofte, men ikkje alltid, i rikare miljø. Ein del funn fram til i dag. I fjella aust for Osa veks ei gul form, og denne er svært sjeldsynt (berre to norske funn).
- 21) Tinderublom *Draba cacuminum* (EN) veks på tørr grus på kalkrabbar i høgfjellet, og er funnen i fjellområda rundt Finse.
- 22) Vasskrans *Zannichellia palustris* (EN) er ei brakkvassplante som er svært sjeldsynt nasjonalt. Den har vore kjent frå Ulvikapollen i lang tid, og er ein medverkande årsak til fredinga.

#### **4.2.5 Insekt**

Oversyn over registrerte artar kan finnast i (<http://artsdatabanken.no>) og (<http://artsobservasjoner.no>). Her er det opplysningar om mørk ruteveng *Melitaea diamina* (EN) einkvan staden ved Osa frå 1962, dessverre ikkje nærmare kartfesta.

#### **4.2.6 Fuglar**

Mest aktuelle raudlisteartar i Ulvik er enkelte artar innan gruppene rovfuglar og spetter. For ei fullstendig liste over fuglar i Ulvik vert det vist til viltrapporten for Ulvik (Overvoll & Wiers 2005). Oversyner over registrerte artar kan òg finnast i <http://artsdatabanken.no> og <http://artsobservasjoner.no>.

#### **4.2.7 Pattedyr**

Mest aktuelle raudlisteartar i Ulvik er nokre av flaggermusartane. For ei fullstendig liste over pattedyr i Ulvik vert det vist til viltrapporten for Ulvik (Overvoll & Wiers 2005) Oversyner over registrerte artar kan òg finnast i <http://artsdatabanken.no> og <http://artsobservasjoner.no>).

# 5 Kjelder

## 5.1 Sitert litteratur

Aurland Naturverkstad BA. Verneplan for Hallingskarvet. Deltema planteliv. Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 6 – 2003. 62 s. ISBN 82-7426-254-9.

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av marint biologisk mangfold. DN-håndbok 19-2001. Revidert 2007. 51 s.

Djønne, R. 2005. Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Ulvik. Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 6/2005: 1-49.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.), 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4. 231 s.

Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 – Økologiske risikovurderinger av fremmede arter. 2007 Norwegian Black List – Ecological Risk Analysis of Alien Species. Artsdatabanken, Norway.

Gaarder, G. 2004. Regnskog på Nordvestlandet – finst det? Rallus 33: 112-121.

Gaarder, G. 2008a. Biologisk mangfold i Austdøla, Ulvik kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2008: 12. 23 s.

Gaarder, G. 2008b. Småkraftverk i Norddøla i Ulvik kommune. Virkninger på biologisk mangfold. Miljøfaglig Utredning rapport 2008: 34. 61 s. ISBN 978-82-8138-315-9.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerrapport. Fylkesmannen i Møre og Romdsal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J. B. og Gaarder, G. 2009. Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukssetet sitt kulturlandskap, inn- og Utmark i Hordaland, med ei vurdering av kunnskapsstatus. Direktoratet for naturforvaltning, Utredning 2009-1.

Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J. A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – 2006 Norwegian Red List. Artsdatabanken, Norway.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2. 181 s.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

- Moe, B. 1995. Vernet edelløvskog i Hordaland; tilstand, fastruteanalyser, floraoversyn og skjøtselsbehov 20 år etter registreringene. Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga. MVA-rapport nr. 5/1995.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Overvoll, O. & Wiers, T. 2005. Viltet i Ulvik. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Ulvik herad og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 10/2005: 35 s + vedlegg.
- Sigmond, E.M.O. 1998. Geologisk kart over Norge. Berggrunnsgeologisk kart ODDA, M 1: 250 000. Norges geologiske undersøkelse.


## **5.2 Munnlege kjelder**

Geir Flatabø, Ulvik  
John Bjarne Jordal, Sunndal

## **5.3 Verdsvevressursar**

- Norsk SoppDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/index.html>
- Norsk LavDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/lav/index.html>
- Norsk MoseDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/mose/>
- ArtsDatabanken: <http://www.artsdata.artsdatabanken.no>





## Ulvik herad

### Prioriterte naturtypar

Lokalitetar undersøkt 2008-2009


■ Svært viktig

■ Viktig

■ Lokal verdi

■ Naturreservat






### Ulvik herad

Skog og jordbruksareal

Lauvskog

Bar- og blandingsskog

Jordbruksareal



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.  
Kartgrunnlag: Statens Kartverk / Norge digitalt





ISBN: 978-82-8060-075-2